

Helse og sosialvitenskap – seksjon for idrett og kroppsøving

Ragnhild Steineide

## Lærarens kommunikasjon med jenter i kroppsøving

Ein kvalitativ studie om kroppsøvingslærarens kommunikasjon ovanfor jenter i  
kroppsøving ved vidaregåande skule

The teacher`s communication with girls in physical education.

A qualitative study of physical education teacher`s communication with girls in  
high school physical education.

Ord: 25 942

Master i kroppsøving og idrett – MAKI2021

Haust 2022-Vår 2023

## Forord

Da står eg ved målstreken og kan sjå attende på ein spennande, lang, artig og krevjande prosess i arbeidet med mi masteroppgåve. Gjennom prosessen har eg lært utruleg mykje som vidare vil bli med i min ryggsekk. Avslutningsvis på denne femårige utdanningsprosessen vil eg nytte moglegheita til å takke. Eg vil få takke dei som har vore ein del av og til stor betydning gjennom prosessen med masteroppgåva.

Den fyrste eg vil få takke er min rettleiar, professor Eivind Åsrum Skille. Gjennom denne prosessen har du vore ei stor inspirasjonskjelde og ein stødig støttespelar for mitt arbeid. Ved hjelp av din kunnskap, erfaringar og innspel har dette for meg vore ein lærerik prosess. Takk for din positivitet og alle dei inspirerande og gode attendemeldingane.

Vidare vil eg få takke rektor og lærarar ved skulen eg har forska ved. Takk for at eg fekk lov å nytte deira vidaregåande skule til forskning. Takk til kroppsøvlingslærarane ved denne skulen som delte både kunnskap, timar og erfaringar gjennom observasjon og intervju. Dykk har vore til stor nytte, takk for at dykk valde å delta.

Så på heimefronten. Mine fantastiske foreldre og familie, takk for all støtte og gode ord gjennom ein prosess som har inneheldt både opp- og nedturar. Takk for all hjelp gjennom den femårige utdanningsprosessen.

Min fantastiske sambuar og forlovde, Simen Midtli Grindstuen. Takk for all kjærleik, støtte og gode ord. Du har vore ei trygghet og i mange tilfelle redninga når det har gått trått.

Eg vil også rette ein stor takk til Aase Palma Rindhølen og Øyvind Grindstuen som har korrekturlese oppgåva mi. Deira attendemelding har vore til stor nytte.

Avslutningsvis vil eg få takke min fantastiske studiepartner Helga-Marie. Tusen takk for alle gode diskusjonar, støttande ord og samtalar rundt prosjektet. Det hadde ikkje vore det same utan deg. I tillegg vil eg få takke den fantastiske MAKI-gjengen eg har fått delt dette med. Takk for gode diskusjonar, oppmuntring, innspel og alt eg har tileigna meg av ny kunnskap og erfaringar saman med dykk. Nå står nye utfordringar for tur.



## Innholdsfortegnelse

|  |           |
|--|-----------|
| <b>Forord</b> .....  | <b>2</b>  |
| <b>Samandrag</b> .....   | <b>5</b>  |
| <i>Nykelord</i> .....  | 5         |
| <b>Samandrag engelsk</b> .....                                       | <b>6</b>  |
| <i>Keywords</i> .....  | 6         |
| <b>1 Innleiing</b> .....   | <b>7</b>  |
| <b>2 Studiens problemområdet</b> .....                               | <b>8</b>  |
| <b>3 Tidlegare forskning</b> .....                                   | <b>9</b>  |
| 3.1 <i>Kommunikasjon</i> .....                                       | 10        |
| 3.2 <i>Jenter i kroppsøving</i> .....                                | 13        |
| <b>4 Teori</b> .....   | <b>16</b> |
| 4.1 <i>Aristoteles sin kommunikasjonsteori</i> .....                 | 16        |
| 4.1.1 <i>Synspunkta</i> .....  | 17        |
| 4.2 <i>Bevismidlane</i> .....  | 18        |
| 4.2.1 <i>Logos</i> .....   | 18        |
| 4.2.2 <i>Etos</i> .....  | 19        |
| 4.2.3 <i>Patos</i> .....   | 19        |
| 4.3 <i>Goffman sin rolleteori</i> .....                              | 20        |
| 4.3.1 <i>Rolleomgrepet</i> .....                                     | 20        |
| 4.3.2 <i>Teaterførestelling</i> .....                                | 21        |
| 4.3.3 <i>Framsyrning</i> .....                                       | 21        |
| 4.4 <i>Sjølvmotseiande rollar</i> .....                              | 23        |
| 4.4.1 <i>Kommunikasjon i strid med rollen</i> .....                  | 24        |
| <b>5 Metode</b> .....  | <b>25</b> |
| 5.1 <i>Relasjon mellom kvalitative forskingsmetodar</i> .....        | 25        |
| 5.2 <i>Utval og utvalsprosedyre</i> .....                            | 26        |
| 5.3 <i>Ikkje-deltakande observasjon</i> .....                        | 27        |
| 5.3.1 <i>Grunnlag for ikkje-deltakande observasjon</i> .....         | 28        |
| 5.3.2 <i>Analyse av observasjon</i> .....                            | 29        |
| 5.4 <i>Det kvalitative forskingsintervjuet</i> .....                 | 30        |
| 5.4.1 <i>Grunnlag for kvalitativt intervju</i> .....                 | 30        |
| 5.4.2 <i>Pilotintervju</i> .....                                     | 31        |
| 5.4.3 <i>Semistrukturert intervju med kroppsøvingslærarane</i> ..... | 32        |
| 5.5 <i>Transkribering</i> .....                                      | 33        |
| 5.6 <i>Analyse av datamaterialet</i> .....                           | 34        |
| 5.7 <i>Etiske retningslinjer</i> .....                               | 37        |
| <b>6 Studiens reliabilitet og validitet</b> .....                    | <b>38</b> |



|           |   |           |
|-----------|---|-----------|
| 6.1       | Reliabilitet.....   | 39        |
| 6.2       | Validitet .....   | 40        |
| 6.2.1     | Intern validitet .....  | 40        |
| 6.2.2     | Ekstern validitet.....  | 41        |
| <b>7</b>  | <b>Resultat.....</b>  | <b>43</b> |
| 7.1       | Lærarens forståing av kva kommunikasjon er .....                    | 43        |
| 7.2       | Kommunikative handlingar i kroppsøvingsundervisning .....           | 47        |
| 7.3       | Lærarens rolle opp imot jenter i kroppsøving .....                  | 53        |
| <b>8</b>  | <b>Diskusjon .....</b>  | <b>57</b> |
| 8.1       | Lærarenes forståing av kommunikasjon – kva synspunkt dominra? ..... | 58        |
| 8.2       | Kommunikasjon i praksis .....                                       | 60        |
| 8.3       | Eit steg i rett retning.....  | 62        |
| <b>9</b>  | <b>Konklusjon og den vidare forskinga.....</b>                      | <b>66</b> |
| <b>10</b> | <b>Referanseliste.....</b>  | <b>69</b> |
| <b>11</b> | <b>Vedlegg .....</b>  | <b>73</b> |
| 11.1      | Vedlegg 1 – informasjonsskriv til rektor.....                       | 73        |
| 11.2      | Vedlegg 2 – Samtykkeerklæring.....                                  | 74        |
| 11.3      | Vedlegg 3 – Observasjonsguide.....                                  | 77        |
| 11.4      | Vedlegg 4 - Intervjuguide .....                                     | 78        |
| 11.5      | Vedlegg 5 – Godkjenning ifrå NSD .....                              | 80        |

## Samandrag

Hensikta med denne masterstudien er å forske på lærarens kommunikasjon ovanfor jenter i den vidaregåande skulen. Det blir undersøkt korleis læraren utøver og jobbar med dette gjennom undervisning.

Dei to teoretiske rammeverka for studien er Aristoteles sin kommunikasjonsteori og Goffman sin rolleteori. Desse med relevant innhald der det i kommunikasjonsteorien er omgrep som synspunkt og bevismidlar. Mens omgrep som teaterførestilling, sjølvmotsigande rollar og kommunikasjon i strid med rolla er relevant opp mot rolleteorien.

Det er nytta ein kvalitativ studie med fire kroppsøvingslærarar. Innanfor den kvalitative metoden er det nytta ikkje-deltakande observasjon og semistrukturert intervju. Datamaterialet ifrå observasjon vert analysert gjennom ei deskriptiv analyse, medan datamaterialet ifrå intervjuet vert analysert gjennom ein tematisk analysemodell.

Studien viser at lærarens forståing av kommunikasjon har mykje å seie for korleis læraren vidare gjennomfører det i undervisning. I tillegg til at ulike metodar for å utføre gode kommunikative handlingar er svært relevant. Metode er også noko som lærarane ikkje tenkjer så mykje over i praksis.

Det blir påpeika at både det verbale og det non-verbale språket er sentrale og at kroppsspråket innanfor det non-verbale er noko som alle har ein eller annan form for kjennskap til.

Gjennom studien kjem det fram at lærarens kommunikasjon ovafor jenter har utvikla seg. Det har skjedd ei endring i forhold til den tidlegare forskinga, nye læreplanar og lærarens kunnskap og erfaring. Lærarane er svært oppteke av at kroppsøving er for alle og det skal tilpassast alle gjennom ein eller annan form for kommunikasjon.

## Nykelord

Kroppsøving, lærarens kommunikasjon, verbal kommunikasjon, non-verbal kommunikasjon, rolleforståing, lærarens rolle.

## Samandrag engelsk

The purpose of this master's study is to research the teacher's communication with girls in the secondary school. It is examined how the teacher exercises and works with this through teaching.

The two theoretical frameworks for the study are Aristotle's communication theory and Goffman's role theory. These with relevant content where, in communication theory, it is understood as point of view and means of evidence. While terms such as theater performances, contradictory roles and communication contrary to the role are relevant against the role theory.

A qualitative study with four physical education teachers is useful. Within the qualitative method, non-participant observation and semi-structured interviews are used. The data from observation is analyzed through a descriptive analysis, while the data from the interview is analyzed through a thematic analysis model.

The study shows that the teacher's understanding of communication has a lot to say about how the teacher further implements it in teaching. In addition to the fact that different methods for performing good communicative actions are very relevant. Method is also something that teachers do not think much about in practice.

It is pointed out that both the verbal and the non-verbal language are central and that the body language within the non-verbal is something that everyone has some form of familiarity with.

Through the study it emerges that the teacher's communication with girls has developed. There has been a change in relation to the previous research, new curricula and the teacher's knowledge and experience. The teachers are very concerned that physical education is for everyone and that it must be adapted to everyone through some form of communication.

## Keywords

Physical education, the teacher's communication, verbal communication, non-verbal communication, role understanding, the teacher's role.

## 1 Innleiing

I gjennom denne masteroppgåva er det forska på og undersøkt lærarens kommunikasjon innanfor faget kroppsøving. Forskinga omhandlar kommunikasjon ovanfor jenter, dette for å avgrense forskingsområdet og dermed gjere ein djupare studie i forhold til fokuset på lærarens kommunikasjon ovanfor jenter. Kommunikasjon er menneskers måte å samhandle på og det er eit middel som ein nyttar for både å være ein del av og ta del i samfunnet. Som Vestly (2021) også poengterer erfarar ein gjennom kommunikasjon. Dette gjennom at ein er ein større del enn kun seg sjølv som individ. Kommunikasjon er dermed med på å forme å tillegge livet (s. 13). Det er da ikkje til å kome unna med at kommunikasjon også spelar ei sentral rolle både for og i kroppsøving. Kommunikasjon kan i kroppsøving rettast både mot positive utfall, men også negative om det ikkje blir nytta på ein relevant måte. Faget skal på lik linje som andre fag i tråd med den overordna delen i læreplanverket leggje til rette for alle og at alle skal kunne lære og meistre (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 3). Her har læraren eit stort ansvar når det kjem til det å leggje opp til god kommunikasjon som når ut både til jenter og gutter i kroppsøving. Elevane skal også kunne nytte kommunikasjon både til å lære og skape utvikling uavhengig av kompetansenivå (Meld. St. 21 (2020-2021): 9).

Gjennom tida har faget kroppsøving vore gjennom ei rekkje endringar og nye planar i forhold til korleis undervisning skal være, samt korleis skulen og læraren skal leggje opp undervisning. Ser ein attende til 1974 og Mønsterplan som vert innført kan ein sjå fyrste plan som hadde fokus på kjønnslikestilling i kroppsøving. Dette innebar at både jenter og gutar ikkje lenger skulle ha adskilt kroppsøving, men samla. Målet for denne innføringa var altså at skulen i større grad skulle behandle alle elevar likt uavhengig av kjønn, bakgrunn og religion (Angell, 2021, s. 262-263). Ser ein på dette i dag kan ein sjå ei rekkje endringar som er gjort og seinast i 2019 der det kom ei fagfornyning. Gjennom den fornyinga var det spesielt eit element det var sett stort fokus på. Dette var det som omhandla innsats og her gjennom at eleven skulle erfare kva innsats hadde å seie for å oppnå ulike mål i faget (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 2). For at kvar enkelt elev skal ha følelsen av motivasjon og dermed utøve ein god innsats er det fleire faktorar som er med å spele inn. Ein sentral og viktig faktor i kroppsøving og skulen generelt er dette som omhandlar kommunikasjon.

Kommunikasjon blir nytta på ulike måtar både av lærar og elev, men som kroppsøvingslærar har ein eit ekstra ansvar. Her ved at ein står ovanfor fleire vurderingar i forhold til det å skulle skape ein tydeleg kommunikasjon uavhengig av kjønn og bakgrunn. Like viktig som at læraren

legg godt til rette for dette er at eleven skal kunne sitje med ein følelse av det å bli behandla med tillit og respekt (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 3). Er det ikkje gjort gode vurderingar ifrå læraren for å skape ein tydleg kommunikasjon kan dette føre til både lågare innsats, men også svekka meistring og utvikling. For læraren er det viktig å ha ei trygg rolle for å skape eit godt miljø og eit inkluderande fellesskap, samt nytte eit ordforråd som er tilpassa alderstrinnet ein underviser på (Meld. St. 21 (2020-2021): 24).

Gjennom kroppsøving nyttar ein kroppen i mykje større grad enn i dei andre faga i skulen. Dette kan for fleire elevar være utfordrande med tanke på det å være komfortabel i samhandling med andre. Her er det fleire faktorar som spelar inn, men ein sentral faktor er dette med kjønn. Ifølgje forskinga til Ohnstad (2021) er gutane meire dominerande i kroppsøving enn det jentene er (s. 22). For jentene kan dette være med på å føre til at det blir vanskeleg å tre fram i faget på ein måte som kan gje dei gode erfaringar. Det er viktig at læraren forhold seg likt til alle elevane, samt jobbe for å skape eit godt klassemiljø. Læraren har ifølgje Utdanningsforbundet (2018) også eit viktig etisk ansvar som omhandlar å fylgje reglar og normar som er gjeldande for yrkesfeltet (s. 7). Desse etiske retningslinjane skal også sjåast opp imot det generelle samfunnet som elevane skal bli ein del av og ta del i.

## 2 Studiens problemområdet

I dette forskingsprosjektet er det lærarens kommunikasjon og jenter i kroppsøving som er fokuset, samt kunne sjå samanhengen mellom desse. Innanfor kroppsøvingsfaget påverkar kommunikasjon både eleven, læraren og dei ulike læraingssituasjonane som oppstår. Som kroppsøvingslærer er det viktig å kunne leggje tilrette for tydleg kommunikasjon. Dette i forhold til at eleven er avhengig av motivasjon for å kunne oppnå innsats så tidleg som mogleg i faget (Meld. St. 21 (2020-2021): 36). Her er det viktig både med tydleg kommunikasjon rundt det som skal gjerast, altså beskjed frå lærar og til elev. I tillegg til å formidle mål for økta slik at eleven forstår kroppsøving som eit læringsfag. Som vil seie at eleven får utvikle sine kompetansar og ikkje berre forstår kroppsøving som eit fag der ein skal være i aktivitet (Westlie, 2022).

I løpet av studietida mi har eg ved hjelp av ny kunnskap og ulike teoriar fått eit større innblikk i kvifor det er så viktig med kommunikasjon i kroppsøving. Her gjennom å forstå kva som skal til for å skape gode og optimale læringssituasjonar. Men også det å skape gode relasjonar innad i klasse, med læraren og elevane seg imellom. For min eigendel har ikkje tema



kommunikasjon vore tenkt over gjennom min eigen skulegang. Erfaringane eg sjølv sitt med omhandlar at kommunikasjon skjer ved at læraren gjev ein beskjed eller oppgåve til elevane. Elevane gjer det som dei får beskjed om for så å bli vurdert ut ifrå det dei gjer. Det å ta eit attendeblick på mine eigen erfaringar og sjå dette i forhold til den kunnskapen eg har tilegna meg gjennom dette studiet er dermed spennande å forske vidare på. Både opp imot kor viktig kommunikasjon er og korleis lærarens kommunikasjon er med å påverke elevens læringssituasjon. Ein ser også at forskinga som er gjort tidlegare kunne vore enda meire utdjupa og forska meire på. Mitt forskingsområdet går altså på å avdekkje enda fleire hol rundt feltet som omhandlar lærarens kommunikasjon og jenter i kroppsøving. Målet er dermed å skape meire kunnskap som kan nyttast til å forstå dette med lærerens kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving. Dette danna grunnlaget for min masteroppgåve der eg ynskjer å svare på problemstillinga:

*Korleis kommuniserar kroppsøvlingslærarar ovanfor jenter i vidaregåande skule i faget kroppsøving?*

Vidare i denne oppgåva vil den tidlegare forskinga som er gjort rundt kommunikasjon og jenter i kroppsøving bli lagt frem for å kunne nytte dette opp imot min forskning. Dette for å finne ut om det er endringar eller forskjellar frå tidlegare forskning og til min forskning. Etter den tidlegare forskinga vil dei to teoretiske perspektiva Aristoteles sin kommunikasjonsteori og Goffman sin rolleteori bli presentert. Desse vil bli nytta for å underbygge problemområdet. For å skaffe best mogleg informasjon til problemområdet i dette prosjektet er det nytta ei kvalitativ forskingsmetode og her gjennom metodane observasjon og intervju. Dette vil bli beskrevet meire konkret og nøyaktig i metode kapittelet. Etter metode og analyse blir funna som er gjort i min studie presentert før dei i diskusjonskapittelet blir sett opp imot både den tidlegare forskinga og dei to teoretiske perspektiva. Avslutningsvis blir det presentert ein konklusjon og den relevante vidare forskinga rundt lærarens kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving.

### 3 Tidlegare forskning

Gjennom dette kapittelet vil eg leggje fram eit overblikk over den forskinga som er gjort på desse felta som omhandlar kommunikasjon og jenter i kroppsøving. Dette prosjektet har to begrep der kommunikasjon er eit meire komplekst og vidt begrep. Forskinga rundt dette vil fyrst bli presentert før det andre begrepet og forskinga rundt jenter i kroppsøving blir lagt frem. Sistnemde er eit meire isolert begrep i kroppsøving enn det kommunikasjon er. Eg har

ikkje funne noko tidlegare forskning som går på lærarens kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsoving. Derav er det presentert tidlegare forskning som har relevans til min forskning. Avslutningsvis i dette kapittelet vil det bli reflektert og presentert kva hol som er i den tidlegare forskinga. Dette er med på å underbygge kvifor eg har vald å forske på akkurat dette området.

### 3.1 Kommunikasjon

Kommunikasjon er eit omfattande begrep sjølv om det i enkel forfatning betyr å formidle og dele informasjon og kunnskap med andre menneske. Innanfor kommunikasjon har ein både verbal kommunikasjon som vil seie at ein nyttar språket til formidling, mens på den andre sida ikkje-verbal kommunikasjon som kan være via kroppsspråket. Kommunikasjon er noko som alle i samfunnet har eit forhold til og det er ein avgjerande kompetanse når det kjem til deltaking i samfunnet. Her både gjennom arbeid, familie og skulegang (Manger et al., 2015, s. 24). Kommunikasjon kan være både enkelt, men det kan også være utruleg komplekst og vanskeleg for mange. Om ein ser på skulesamanheng og i dette tilfelle kroppsoving så er munnlege ferdigheitar svært aktuelt. Dette er noko som kjem tydleg fram gjennom styringsdokumenta innanfor dei grunnleggjande ferdigheitane (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 3-4). Læraren har eit stort ansvar når det gjeld dette med å kommunisere ut til alle elevar. Det å kommunisere for læraren i kroppsoving kan være krevjande gjennom å skulle sikre gode læringssituasjonar og eit godt miljø til eleven. Som lærar vil ein gjennom undervisning kome borti utfordringar når det kjem til det å skulle grunnje dei vala som vert gjort. Det er fleire elevar som stiller spørsmål, men læraren har ikkje noko spesielt godt svar på det som burde underbyggjast for at eleven skal forstå. Dette er noko som Frigstad (2020) har sett forskning på. Han har sett på fagfornyninga og fokuset på innsats opp mot korleis dette påverkar kommunikasjon i ulike situasjonar i kroppsoving (s. 2).

Innsats har fått eit større fokus innanfor fagfornyninga. Studien til Frigstad (2020) er sett ifrå ein students perspektiv der det vert forska ved hjelp av observasjon og intervju. Der både jenter og gutar deltok i undervisningssituasjon det vert forska på. Gjennom studien kom det fram at studenten hadde eit stort fokus på at eleven meistra ferdigheiten før innsatsen kom på banen. Dette allereie i oppstarten av økta der studenten seier «bare slapp av og kos dere». Studenten grunnje i etterkant at var eit bevisst val, men dette skulle vore fulgt opp. Her gjennom ei forventningsavklaring rundt dette med innsats (s. 5). Videre forklarar studenten at det i liten grad vert kommunisert attendemeldingar til eleven angående elevens innsats. Det

vert kommunisert via det verbale gjennom attendemelingar som «godt jobbet» og «bra innsats». For eleven kan dette være oppmuntring i forhold til å fortsette å ha god innsats, men det gjev ikkje noko god indikasjon på kva som er bra eller kva som kan endrast på (Frigstad, 2020, s. 6). Studenten kommunisera også via kroppsspråket med blikk til elevane gjennom økta. Eit anna punkt som studenten reflekterer over i etterkant av studien var det å kunne gje elevane moglegheit til å svare på spørsmål som vert stilt. Studenten stilte spørsmål om korleis ein kunne ta imot ein ball, men gav ikkje eleven nok tid til å kunne svare slik at han sa svaret sjølv. Refleksjon til studenten rundt dette var at motivasjon til eleven kunne avta og dermed hemme utvikling og læring. Vidare vert det reflektert rundt korleis det kunne vore gjort og det vert fremma at det hadde vore rett å stilt oppfølgingsspørsmål rundt andre måtar å ta imot ein ball på. I tillegg kunne studenten også gjeve meire forklaring og forsikra seg om at alle forsto kva som skulle gjerast (Frigstad, 2020, s. 6).

Forskinga til Frigstad (2020) blir oppsummert med at kommunikasjon tydeleg har innverknad på elevens innsats i kroppsøving. Men kommunikasjon kan by på utfordringar i forhold til situasjonar både læraren og eleven befinn seg i. Samt at det kan være utfordringar opp mot korleis eleven forhold seg til det som blir kommunisert (s. 8). Gjennom denne studien er det studert kommunikasjon i forhold til begge kjønn, men det kunne vore eit anna utfall om ein isolert sett hadde fokusert på enten jenter eller gutar. Ein kunne kanskje da fått frem enda større forskjellar rundt dette med elevens forhold til kroppsøving, i tillegg til at læraren også kan ha ulike haldningar til jenter kontra gutar. Samt at kommunikasjon rundt innsats ifaget hadde vore relevant å sett på.

Ifylgje forkinga til Aasland og Engelsrud (2017) er elevens innsats det læraren ser, altså det er det som den objektive kroppen viser som er tellande som innsats (s. 15). Gjennom denne forkinga ser ein at kommunikasjon har stor påverknad i forhold til korleis læraren vel å presentere innsats og kva som blir lagt i det. Om det er slik at læraren kun fokuserar på dei elevane som blir drivande sveisette og slitne og begrunnar dette som god innsats kan det føre til missoppfatning. Elevane som ikkje er i den rollen vil da få ei feiltolking av kva innsats inneber. Slike elevar vil da kunne kjenne på at den kroppslege erfaringa og elevens eigen refleksjon fell utanfor når innsatsen vert vurdert (Aasland & Engelsrud, 2017, s. 14). Som lærar er det viktig å kunne leggje til rette for god undervisning og ein tydeleg kommunikasjon til alle elevar uavhengig av kva ståstad eleven har (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 10).

Kommunikasjon er krevjande og det kan kanskje føles som eit ekstra press for lærarens del. Her med tanke på det å gjere seg forstått samt at alle elevar skal kunne få noko ut av det som blir kommunisert og kunne dra nytte og læring ut av det. Som kroppsøvlingslærer er det viktig å leggje opp til desse kriteria. Dette er noko som artikkelen til Westlie & Moen (2020) viser der det er sett på samarbeid mellom forskarar frå Noreg, Sverige og New Zealand. Målet med den studien var å sjå på kroppsøvlingslærarar og korleis dei jobbar for å være sosialt inkluderande i kroppsøving (s. 23-24). Gjennom studien kom det fram både gjennom intervju og observasjon at handlingsvala til læraren tek i hovudsak utgangspunkt i kunnskap om elevane. Altså der eleven blir sett i forhold til både individ, men også ut i det generelle samfunnet. Eit tema som er viktig her er dette med kommunikasjon og det kjem fram at det ikkje alltid er like lett å grunnge alle dei vala som ein lærar tek i undervisning. Vidare blir det presisert at det på ein eller annan måte finst hensiktsmessige metodar å kommunisere på. Igjen kan ein sjå at innsats blir trukket inn og dette gjennom kva læraren gje i form av blandt anna kroppsspråk for å påverke elevens innsats (Westlie & Moen, 2020, s. 29-30). Det som vert sett på som ein svakheit gjennom denne studien var antal som observerte. Hadde det vore fleire som observerte kunne det kome fram fleire punkt rundt forståinga av forskingsspørsmålet.

For at eleven skal ha god innsats og motivasjon er det som nemd viktig å leggje opp til tydeleg kommunikasjon. Både gjennom mål, men også gjennomføring av undervisning. Blir ikkje dette gjort vil det føre til midre forståing både for lærar og elev, og kan ende opp med kommunikasjonssvikt mellom lærar og elev. Hansen (2006) presenterte at metodane som kroppsøvlingslærarar nytta for å formidle læringsbodskapen var for dårleg eller misvisande ovanfor eleven (s. 2). Dette kan hengje saman med fleire årsakar. Ein sentral faktor er det å presentere måla for den enkelte økt på ein god måte. Som igjen innber å skape ein presentasjon som alle elevane forstår og kan ta læring av. Gjennom det å presentere mål på ein tydeleg måte er dette også med på å få elevens syn på faget til eit læringsfag og ikkje berre aktivitetsfag.

Når det kjem til dette med å kommunisere og presentere mål for timane på ein hensiktsmessig og god måte er dette noko som Redelius et al (2015) har forska på. Der vert det vist at fleire lærarar ikkje kommuniserte mål for undervisning tydeleg nok til at eleven forsto kva som skulle gjerast (s. 653). Det var fleire av dei som deltok i studien som ikkje viste kva dei skulle lære eller forsto kva som var formålet med undervisninga. Det vert også ifylgje Redelius et al

(2015) funne at lærarane var gode på å presentere viktigheita av å tydeleggjere undervisninga for eleven. Men det viste seg at det ikkje av alle vert fulgt opp i praksis (s. 646-647). Nokre av dei som var med i forskinga presenterte måla for økta på ein måte der eleven forsto kva som var budskapet. Med dette kunne eleven også trekkje samanheng til tidlegare kunnskap som var med å gjorde det lettare å forstå kva læraren ville at eleven skulle gjere (Redelius et al, 2015, s. 653).

### 3.2 Jenter i kroppsøving

Når det kjem til dette med tydeleg kommunikasjon og god tilrettelegging for eleven er det viktig å gjere dette til kvar enkelt elev. Som vi veit er kjønnet eit stort og omfattande tema i samfunnet generelt, og det er heller ikkje noko som ein kan trekkje ut i kroppsøving.

Kroppsøving er eit fag som både mange jenter og gutar liker, men har ulike både erfaringar og interesser. Dette kan ha ein samanheng med at det er mange av elevane som deltek i idrett på fritida og trekkjer med seg både erfaringar og opplevingar frå idretten og inn i kroppsøving (Brattenborg & Engebretsen, 2015, s. 180). Som lærar i kroppsøving er det viktig å ikkje gløyme kjerneverdien til faget som omhandlar det å skape kroppsleg læring og ein livslang bevegelsesglede sjå eleven. I tillegg er det viktig å passe på at undervisning ikkje skal ha eit hovudfokus i å konkurrere eller det å vinne (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 2). Ser ein attende på idretten i eldre tid har den vore mannsdominert og kvinner måtte nærmest kjempe for å kunne vere med å delta i idrett. Dette ser ein igjen i kroppsøving der gutane dominerar undervisninga. Som vidare blir begrunna med at gutane var meire fysiske og dei påsto at dei hadde ein større forståing for faget (Brattenborg & Engebretsen, 2015, s. 189).

Som lærar er det altså særdeles viktig å leggje opp til tydeleg kommunikasjon både ovanfor jenter og gutar i kroppsøving. Som Brattenborg og Engebretsen (2015) skriv har læraren eit arbeid med å skape like vilkår både for jenter og gutar i faget (s. 190). Blir begge kjønnet ivareteke på like primissar og læraren kan å leggje til rette for tydeleg kommunikasjon slik at elevane forstår kroppsøving som eit læringsfag. Vil dette vere med å styrke elevens sjølvfølelse og dei skapar ein positiv oppleving av kroppsøvingsfaget.

Det skal seiast at det er ei tid attende sidan boka til Brattenborg og Engebretsen vart skrevet og det har også skjedd ei endring innanfor kroppsøvingsfaget. Både gjennom dei endringane som er gjort iform av styringsdokumentet og fagfornyingar. På lik linje som at læraren tilegna seg ny kunnskap rundt dette med kjønnet i kroppsøving ettersom tida går.

Kjønn har vore og er i stadig endring med tanke på det å bli enda meir sosialt utjamnande. Kroppsøving har tette band med den organiserte idretten og dei som deltek i idrett har som oftast også god erfaring med det å være i aktivitet. Idretten har vore med å prega kroppsøving gjennom at det var kun menn som skulle delta i idrett og jentene måtte kjempe for å kunne delta. Dette påverka kroppsøving i den grad at gutane automatisk var meire rusta for kroppsøving, medan jentene hadde ikkje same innpass. Slik var det før, men ein kan stille seg spørsmålet om korleis det er i dag og om det har skjedd ei endring. Ifølgje Oliver og Kirk (2015) er det ikkje mykje forskning som har vore gjort opp imot kroppsøving med fokus på kjønn dei siste 20 åra (s. 3).

I forhold til dette med at idretten påverkar kroppsøving i såpass stor grad kan også ha samanheng med korleis eleven trives i faget. Dette er noko som Moen et al (2018) har fremma i sin rapport der det kjem fram at jenter oppgjev å like skulen veldig godt kontra gutane. Når det kjem til kroppsøving er det ein større andel av gutane som liker kroppsøving veldig godt enn det jentene gjer (s. 32-33). I samanheng med dette kan ein også sjå at elevane oppgjev at dei likar kroppsøving betre på barnetrinnet og at dette avtek når det kjem til ungdomstrinnet (Moen et al, 2018, s. 32-33). Som kroppsøvinglærer er det viktig å leggje opp til gode undervisningssituasjonar og at kvar enkelt elev skal kunne føle på trygghet og motivasjon i faget. Det er også viktig som Brattenborg og Engebretsen (2015) påpeikar at læreplan blir nytta i utarbeidelsen av undervising slik at det blir lagt til rette for alle elevar (s. 181). Er det ikkje lagt opp til gode læraingssituasjonar kan dette føre til at eleven trekkjer seg unna og ikkje vil delta.

Når det kjem til kjønn og alderstrinn kan ein sjå dette opp imot forskinga til Lagestad (2017) der det er forska ved ein vidaregåande skule i Nordland skuleåret 2010/2011 (s. 17). Gjennom den studien kom det fram at gutane hadde betre karakter i kroppsøving en det jentene hadde. Dette ved at gutane hadde 5 og 6 som karakter, mens gjennomgåande sjå jentene var det karakter 3. Med tanke på kjønn opp imot studieretningar i den studien viste det seg at det ikkje var tilfeldig at jentene vert vurdert lågare enn gutane (Lagestad, 2017, s. 18). Her kan ein trekkje inn aktivitetsval innanfor kroppsøving og som Moen et al (2018) påpeikar i sin rapport kjem det fram at kroppsøving er dominert av ballspel og grunntrening. Aktivitar som dans og meire moderne bevegelsesaktivitetar blir ikkje prioritert (s. 80).

For at undervising og læraren skal kunne utvikle seg og bli betre er det viktig å tenkje over korleis ein legg opp til undervising. Det å kunne nytte ei aktivistisk tilnærming viste seg

blant anna gjennom studien til Engebretsen et al (2020) å være hensiktsmessig. Dette gjennom at jenter som ikkje var glad i kroppsøving likte det meire og meire ettersom det vert nytta ei slik tilnærming. Tilnærminga innebar meire medbestemmelse og kroppsbevisstheit sjå eleven (s. 372). Gjennom denne studien vert det blandt jentene skapt større trygghet ved bruk av ei slik tilnærming. I tillegg til at det også kan være med på å utfordre dei som er meire framtrekande i faget. Dette ved å skulle ta avgjeringar og delta i samarbeid. For dei som er meire framtrekande vil det være viktig å sjå på seg sjølv og innrette seg til dei som er meire usikre og skeptiske. Samt at dei som er meire framtrekande måtte kunne ikkje berre for seg sjølv, men også andre skape god kroppsbevisstheit.

Gjennom den tidlegare forskinga som er gjort både rundt kommunikasjon og kjønn i kroppsøving ser ein at fleire punkter kunne vore enda meire utdjupa. Både med tanke på korleis læraren kommuniserar opp imot jenter kontra gutar og ikkje berre den generelle kommunikasjon. I tillegg at fokuset på at gutane er framtrekande og dominerande skulle vore endra meire over til det å sjå på dei elevane som ikkje er så framtrekande. Når det gjeld erfaring så ser ein at det i dag er både gutar som er mindre fremtrekande og jenter som tek større plass. Så her har det vore ei forandring gjennom tida, men det er som Oliver og Kirk (2015) la frem ikkje gjort mykje forskning på dette feltet den siste tida (s. 3). Opp imot dette med kommunikasjon, er det heller ikkje gjort forskning opp mot det enkelte kjønn. Som igjen inneber korleis læraren forhold seg til jenter kontra gutar. Dette vil min studie være med å skape ny kunnskap rundt. Studien vil kunne bidra til ein større forståelse rundt dette med kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving. Det å setje fokus på det enkelte kjønn vil kunne bidra til å sjå om ei endring har skjedd. Her med tanke på dominansen i kroppsøvningsundervisning og korleis kroppsøvningslæraren vel å kommunisere. Eg ser dette som eit viktig forskingsfelt både for faget kroppsøving, lærarar og ikkje minst meg sjølv og min eigen profesjonsutøving

## 4 Teori

I gjennom dette kapittelet vil det teoretiske grunnlaget for forskningen bli presentert. Det vil bli presentert to teoriar som eg ser på som relevant opp imot forskingsspørsmålet. Aristoteles og hans kommunikasjonsteori vil være svært relevant opp imot dette med lærarens kommunikasjon. Den andre teorien som vil bli presentert er Goffmann og hans rolleteori. Denne teorien vil kunne være med å begrunne dei ulike rollane som læraren har og korleis desse blir påverka av kommunikasjon.

### 4.1 Aristoteles sin kommunikasjonsteori

Aristoteles er å rekne som ein av dei viktigaste filosofane gjennom tidane. Aristoteles er rekna som retorikkens «far» og hadde ei stor rolle innanfor det å være med å skape grunnlaget for både den moderne vitenskapen og filosofien. Retorikk bli definert som det å kunne handle med språket og kommunikasjon og det er eit begrep som vert utvikla av dei gamle grekarane, her da Aristoteles (Imsen, 2009, s. 164). Kjeldsen (2014) definerar retorikk på ein litt annan måte:

*Retorikk er ikke bare studier av offentlige taler, nei, retorikk er noe vi alle utfører. Retorikken er tankens språk, eller mer presist handling med språk og kommunikasjon (s. 9).*

Ut frå definisjon på retorikk kan ein sjå at kommunikasjon og språket står sentralt. Når ein tenkjer på kommunikasjon er det ein handling som innehar ein avsendar som skal formidle eit budskap til ein mottakar. Aristoteles var tydeleg på det at avsendaren måtte jobbe for å være truverdig i tillegg at det skulle treffe mottakaren emosjonelt for å så kunne ha større tru på det som vert formidla. Om ein ser på kroppssøving i ein slik situasjon er det viktig at læraren framstår som truverdig ovanfor eleven. Dette igjen for at eleven skal kunne stole på det som blir sagt og lært bort (Aristoteles, 2006, s. 24).

For at det skal kunne oppstå ein god og truverdig kommunikasjon er det viktig å leggje føringar for dette. Her er det viktig at avsendaren fokusera på mottakaren slik at den bli sett i fyrste prioritet. Det er også viktig å presentere budskapen slik at den blir godteke sjå mottakaren. Om ein kun fokuserar på seg sjølv og kva ein vil formidle kan det føre til at mottakaren ikkje fangar opp det som blir sagt. I kroppssøvingssamanheng er det viktig for læraren å sjå ann elevgruppa og ta i betraktning både kjønn, alder og miljø. Igjen for at



kroppsovlingslæraren skal kunne prioritere eleven og kva som må til for at budskapet skal bli godteke.

Det er også viktig for avsendaren å presentere budskapet tydeleg slik at det ikkje blir usikkerheit sjå mottakaren, det er med andre ord viktig å ha ein krystallklar kommunikasjon. Som vil seie at ein på best mogleg måte får ein riktig struktur på kreativiteten for at ein skal kunne overbevise mottakaren om budskapet som blir presentert (Aristoteles, 2006, s. 22). For ein lærar som er ny i faget kan dette være vanskelegare enn ein som har erfaring med kommunikasjon. Ny eller erfaren kroppsovlingslærar, det viktigaste er å presentere det som er relevant for elevane på ein god måte så eleven kan ha motivasjon og nytte av det som blir sagt. Avgjerande for eleven er korleis læraren legg fram budskapet, altså korleis læraren ordlegg seg. Det å nytte seg av eit enkelt ordforråd som elevane skjønner, samt det å være kort og konsist er viktig for at alle skal forstå og vekke interesse for det som blir sagt. Også som Aristoteles legg vekt på «det er ikke hva du sier, men hvordan man sier det, som er viktig» (Aristoteles, 2006, s. 23).

#### 4.1.1 Synspunkta

Innanfor Aristoteles sin kommunikasjonsteori er det ulike synspunkt. Det fyrste punktet omhandlar det mekaniske, altså at kommunikasjon kun er ein prosess med det å få informasjon ifrå avsendaren og til mottakaren. Aristoteles (2006) meiner her at det er ein indikasjon på kun å transportere ei kommunikativ handling ifrå ein lærar og til ein elev utan noko form for tankar eller element rundt (s. 26). Men det er ikkje berre slik at ein kan sende eit budskap for utan at det er andre instansar som melder seg. Dette kjem fram gjennom det psykologiske, som omhandlar tankar og følelsar. Som mottakar her vil ein også ha både reaksjonar og følelsar på det som blir kommunisert. Om ein lærar her kommuniserar ein beskjed til ein elev vil den eleven respondere på dette med reaksjon eller ein følelse i forhold til kva som blir sagt (Aristoteles, 2006, s. 27).

Ein kan også stille seg spørsmålet korleis er det ein kommuniserar, her under det sosiale. Dette omhandlar altså samspelet mellom avsendaren og mottakaren. Målet her er å reflektere rundt det ein kommuniserar. I kroppsoving er det for læraren viktig å tenkje over samspelet mellom lærar og elev og korleis dette påverkar kommunikasjon. Aristoteles (2006) legg vekt på at kommunikasjon må gjennomførast slik at mottakaren kan føle ei trygghet, dette

gjennom eit godt samspel. Blir ikkje dette innfridd vil både trygghet og kommunikasjon bli svekka (s. 28)

Det neste synspunktet som Aristoteles (2006) legg vekt på er det systematiske (s. 28). Det er viktig at ein tenkjer over korleis ein kommuniserar. I kroppsøving er dette sentralt i forhold til at ein lærar har mange elevar som ein skal kunne treffe på same tidspunkt. Det systematiske er ein form for ny og annleis kunnskap som blir oppretta. Her ved at mottakaren tolkar budskapet på sin måte (Aristoteles, 2006, s. 29). Dette vil i kroppsøvingssamanheng bety at alle elevar kan ha ulike tolkingar av det som læraren seier.

Kommunikasjon er ein måte å skulle hjelpe folk på. Dette gjeld både i skulen, men også i samfunnet generelt. Det å bruke kommunikasjon som eit verktøy er viktig både for å kunne forstå, men også det å bli forstått. Det siste synspunktet til Aristoteles (2006) omhandlar dette med at kommunikasjon kun er eit middel for at avsendaren skal kunne uttrykkje makt ovanfor andre personar (s. 30). Elevar vil nok kunne tenkje slik i kroppsøving, for der er det i mange tilfeller læraren som seier noko og elevane som utfører. I fleire tilfeller vil det være gjort for at læraren skal vise ein form for makt, sjølv om det ikkje er riktig måte å nytte kommunikasjon på.

## 4.2 Bevismidlane

Om ein tenkjer på retorikken og ut ifrå alle dei situasjonane, dei ulike retoriske problema og dei ulike strategiane kan ein trekkje inn ulike retoriske bevismidlar. Det blir fremma av Aristoteles (2007) at et budskap kan gjennom å nytte logos, patos og etos bli forsterka og ha ein større overbevisningskraft. Logos omhandlar dei rasjonelle argumenta, etos omhandlar truverdigheit, mens patos går meire på følelsar (s.40). Desse vil under bli presentert og reflektert rundt opp imot kommunikasjon i kroppsøvingssfaget.

### 4.2.1 Logos

Det å nytte det retoriske begrepet logos omhandlar i enkel forfatning å bruke sunn fornuft for så å kunne sannsynleggjere at det er sanning i det som blir sagt. Dette kan skje gjennom det å nytte seg av eksempel eller andre parallellar som er relevante for det som blir presentert (Aristoteles, 2007, s. 42). Kroppsøvingslæraren kan her ta nytte av tidlegare erfaringar og kunnskap for å argumentere for det eleven skal gjere. På same måte kan kroppsøvingslæraren

nytte eksempelvis andre elevers fremgang eller vise gjennom eksempel for å overbevise om at budskapet er sann.

#### 4.2.2 Etos

Etos blir definert som eit avgjerande middel når det kjem til det å få mottakaren til å tru på det som vert sagt. For Aristoteles (2007) var det tre punkt innanfor etos som utgjorde begrepet, dette var kompetanse, moralsk karakter og velvilje (s. 36). Om avsendaren har desse elementa innanfor etos meinte Aristoteles (2007) at det var lettare å kunne få publikum overbevist i forhold til ulike påstandar (s. 37). Truverdigheit opp imot kroppsøvingslæraren er viktig for at eleven trur på det som blir presentert eller om det ikkje er sanning i budskapet. Dette gjeld begge vegar for har ikkje læraren truverdigheit til eleven, vil det da by på utfordringar å skulle tru på det som eleven seier.

#### 4.2.3 Patos

Det siste midle Aristoteles la fram var patos, som i all hovudsak omhandlar følelsar. Patos går altså på dette med å skape følelsar innanfor publikummet. Her meinte Aristoteles (2007) at det var avgjerande å ha ein viss relasjon og kjennskap til sitt publikum både for å skape truverdigheit og fornuft sjå mottakaren (s. 112). I kroppsøving er det viktig at læraren har ein god relasjon til sine elevar. Gjennom ein god relasjon får læraren kjennskap til eleven og det er lettare å skape følelsar blandt elevane.

Desse tre bevismidlane vil på ein eller annan måte være framtrédande gjennom ulike kommunikative handlingar. Gjennom ein slik handling vil det ikkje alltid være tydeleg kva middel som blir nytta. Men i all hovudsak så kjem alle midla fram men i ulik grad. For at ein kroppsøvingslærar skal skape respekt og tillit til eleven er det viktig å begrunne det som blir sagt. Det er også avgjerande at ein som lærar sitt med kompetanse og kunnskap rundt det som blir presenter. Har ein da skapt denne respekta og tillita til eleven er det også da lettare for kroppsøvingslæraren å få fram følelsar i undervisning.

Dette teoretiske perspektivet til Aristoteles vil i min studie bli nytta for å sjå på korleis læraren kommuniserar og legg opp til kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving. Både synspunkta og bevismidlane til Aristoteles vil hjelpe meg til å kunne forstå korleis læraren handlar. Samt kva synspunkt og middel som blir nytta gjennom ulike kommunikative handlingar.

### 4.3 Goffman sin rolleteori

Den kanadiske samfunnsforskeren Erving Goffmann (1922-1982) studerte ved University of Chicago. Han var svært oppteke av rollar innanfor samfunnet og det å kunne gjennomskue medmenneskar og seg sjølv. Han vart seinare professor ved University of Pennsylvania i USA. Der jobba han med rolleteori og dei ulike symbolske aspekta ved og rundt samhandling (Goffmann, 2014, s. 7). For denne studien er det rolleteorien som er det andre teoretiske grunnlaget og er relevant i forhold til lærarens rolle i kroppsøving.

#### 4.3.1 Rolleomgrepet

Roller er noko som alle menneske spel i ulike samanhengar og ein inntek ulike rollar utifrå kva situasjon ein er i. Goffman (1986) er klar på at rollebegrepet ikkje er det same som menneskes personlege identitet, men at menneskers identitet er ein del av rolla når den blir spelt (s. 8). Ei rolle kan være gjennomført av ein person som ikkje har noko spesiell tilknytning til rolla. Eller ein kan spele ei rolle som ein kan trekkje ut i det verkelege livet. Det vil da seie at dette med personlegheit til den som spel rolla kan bli oppfatta på ulike måtar sjå publikum (Goffmann, 1986, s. 23). Som kroppsøvingslærer har ein ei rolle, men den rolla kan ein utføre på ulike måtar. Det kan være at det blir utført på ein måte ovanfor kollegaer og eksempelvis rektor, mens til elevane så er det ein anna rolle og andre rolletrekk som kjem fram.

Ein kan også sjå at dette med sosial rolle omhandlar rettigheitar og pliktar som ein kan trekkje opp imot ein bestemt status. Dette vil da seie at ein sosiale rolle omfattar ein eller fleire enkelte opptrednar (Goffman, 1986, s. 22-23). Om ein ser på dette med status kan ein sjå på kroppsøvingslærer og korleis dette gjer seg i faget. Som vi veit er det viktig med tilhørigheit i kroppsøving, her krev det mykje av både læraren og eleven. Men når kroppsøvingslæraren oppnår ein tilhørigheit til eleven omhandlar ikkje dette eit ynskje om å ha ein status, men framfor alt det å ha følelsen av å være saman med eleven i eitt trygt læringsfellesskap. Ser ein vidare på dette opp i skulesystemet og administrasjon har dei også som mål å skape respekt ovanfor kroppsøvingslærarens arbeid og tillit gjennom dette. Det å skape respekt og oppnå det påpeikar Goffman (1986) som grunnlaget for kva status ein kroppsøvingslærer opplev å ha (s. 21).

#### 4.3.2 Teaterførestelling

Goffman har ein synsvinkel på rolleteorien gjennom det han kallar for teaterførestelling. Denne synsvinkelen inneber altså at kontakta mellom ulike menneske blir sett på som ein avgrensa situasjon der dei ulike menneska som er med har ulike rollar (Goffman, 2014, s. 9). Goffman (2014) meinte at alle hadde ein form for teaterførestelling i det daglege liv der dei spel ulike rollar. Innad i desse rollane er det viktig å forhalde seg til og samarbeide med andre (s. 10).

Innanfor denne synsvinkelen er det ulike punkter som Goffman legg vekt på. Når ein skal spele ein slik rolle så er det viktig å fyrst identifisere rollen. Dette inneber å finne ut korleis situasjonen er samansatt og vidare da spele rolla. Dette kan gjerast på ulike måtar gjennom det å være overbevisande opp mot publikum eller ein kan ha ein «fake opptreden». Det som er viktig når ein spel ei rolle er det å klare å overføre det som skal fram til publikum på ein truverdig måte (Goffman, 2014, s. 24). For at budskapet skal kome fram på ein truverdig måte er det viktig å ha kjennskap til rollen, altså at ein er trygg i rollen ein spel. Goffmann (2014) legg vekt på at det er viktig med kunnskap og kompetanse i forhold til utførelse, samt det å leve seg inn i rolla ein spel (s. 25).

Målet med denne teaterførestellinga til Goffman er det å skape ein illustrasjon på mennesker og korleis deiras samhandling foregår. Samt at det er forskjell på å spele skuespel kontra det å spele ei rolle som ein kan referere til det verkelege liv.

#### 4.3.3 Framsyning

I Goffman sin rolleteori og teaterførestillinga legg han svært vekt på framsyninga som går føre seg og på kva måte dette blir gjort. Samt dette som går på korleis framsyninga blir tolka. Innanfor framsyning er det ulike punkter som Goffman (2014) legg vekt på i forhold til korleis framsyninga er (s. 24). I min oppgåve er det ikkje alle desse som er relevante og det er dermed presenter kunn dei som eg ser på som viktig for å underbygge mitt problemområdet.

Gjennom ein framsyning er det viktig å skape truverdigheit, som kroppsøvingslærer så kan ein på den eine sida leve seg heilt inn i rolla og overtyde publikum om at det som blir presentert er det som er verkelegheita. Mens på den andre sida kan ein spele ei rolle der ein fører publikum bak ljuset og ikkje har noko interesse av det som blir gjort (Goffman, 2014, s.

25). Med tanke på kommunikasjon kan læreren jobbe for ein god kommunikasjon gjennom å gå heilt inn i sin rolle og skape eit godt miljø. Kontra ein annan lærar som ikkje tenkjer så mykje over det, men prøvar å skape ein grei kommunikasjon ovanfor alle elevar.

For at ein skal skape truverdigheit og sikkerheit i publikum er det viktig å ha ei trygg fasade. Her skil ein mellom fasade som eksempelvis innreiing eller møblar. Mens den andre går på den personlege fasaden som omhandlar kjønn, antrekk, alder, høgde og haldning (Goffman, 2014, s. 28). Opp mot kroppsoving vil det være den personlege fasaden som er mest relevant. Dette gjennom at kroppsovingslæraren har på seg treningskler og framstår med ei god haldning, vil for eleven som er gla i aktivitet verke trygt og sikkert. For den eleven som ikkje er så glad i aktivitet kan det verke meire usikkert. Innanfor den personlege fasaden kan ein sjå på det i forhold til det ytre som vil seie noko om framsyningas sosiale status. Dette inneber personens nåverande situasjon både i forhold til deltaking i sosial aktivitet og jobb. I tillegg kan ein også sjå denne fasa i forhold til manerar og stimuli som blir presentert til publikum. Her kan ein lærar som har arrogante og aggressive manerar gje uttrykk av at det er ein som styrer, mens meire underdanige skapar eit uttrykk av at det er nokon som rettar seg til andre (Goffman, 2014, s. 29). Eksempelvis kan ein sjå ein nyutdanna kroppsovingslærar i den usikre rolla, mens ein med meire erfaring og kunnskap har ein tryggare rolle.

Innanfor ulike framsyningar kan ein også oppleve feiltolking eller ein kan oppleve at det som vert gjort blir tolka på ein annan måte av publikum. Dette omhandlar at ein kroppsovinglærar gjev ein kommando til ein elev gjennom kroppsspråk og eleven tolkar det i ein annan retning enn det som var meint. Det som kan skje her er misforståing som kanskje oftast går føre seg gjennom kroppsspråket der det kan være vanskelegare å tolke det som vert gjort kontra gjennom det verbale (Goffman, 2014, s. 49). Har ein da kontroll over dei uttrykksmidlane som vert nytta er det også lettare for publikum. I kroppsovingssamanheng vil dette seie at det er lettare for eleven å ikkje misoppfatte framsyninga til læraren. Gjennom at eleven oppfattar feil kan det føre både til svekka tillit og relasjon i form av eit bilete som ikkje er oppriktig med tanke på lærarens framsyning (Goffman, 2014, s. 55).

Ein kan altså gjennom framsyningar ha enten ein modell som visar ein ekte og oppriktig side, mens det motsette kan være ein missvisande framsyning. Opp mot det å ha ein framsyning som er ekte og oppriktig vil uansett i mine auger være mest hensiktsmessig når det kjem til

kroppsovlingslærarar. Dette fordi at læraren er avhengig av ein god relasjon til eleven. Samt at det også er viktig å vise dei verkelege og trygge framsyningar. Her for at framsyningar der ein og ein lapp er oppdikta og som ikkje har samanheng med verkelegheita vil verke meire usikkert for eleven (Goffman, 2014, s. 64).

#### 4.4 Sjølvmotseiande rollar

Gjennom Goffman sin rolleteori har det vore stort fokus på at det er enkeltindivid som spel rolla og det er en person som spel ut til eit større publikum. Her eksempelvis gjennom at kroppsovlingslæraren spel ut til elevane. Men det er ikkje berre det Goffman (2014) har fokus på. Når det kjem til dette med sjølvmotsegjande rollar er fokuset på at det blir presentert i lag samansett av fleire personar (s. 119). Gjennom desse opptredane er det viktig at gruppa eller laget opprettheld ei fasade ovanfor publikum. Goffman (2014) presisera her at den informasjon som laget ynskjer å vise fram blir fremma, mens informasjon som ikkje skal fremmast til publikum blir definert som hemmelegheiter (s. 120-121).

Når ein da ser på dei sjølvmotsegjande rollane er det da viktig at laget eller gruppa klarar å halde på dei hemmelegheitene når dei ulike rollane blir framført. Med tanke på sjølvmotseiande rollar kan det være andre personar som får tak i informasjon. Dette vil seie at nokon som er utanfor laget har fått informasjon som eigentleg skulle vore held bak fasade. På den andre sida kan det også være ein i gruppa som vel å gjere ein framsyning der person førestiller seg at ein eigenleg skulle vore bland publikummet. Her for å få innblikk i korleis informasjon som blir formidla innover i gruppa blir motteke av dei som ser på (Goffman, 2014, s. 124).

Ser ein på rollar som blir spelt i forhold til at dei som er med i gruppa held det mellom seg slik at ikkje publikum får informasjon om kva som skjer bak fasaden, vil framsyninga være «vellykka». Om det er slik at den som sitt i publikum eller nokon av dei som opptre avslører eller blir avslørt vil dette for heile gruppa bli sett på som eit tap (Goffman, 2014, s. 126). Innanfor dei som er publikum vil også dei kunne skaffe seg inntrykk og opplevingar gjennom blant anna kroppsspråk som underbyggjer om framsyninga er falsk eller om den er ekte. Så på lik linje som at dei som opptre må ha tru på den rolla dei spel. Er det like viktig at ein også må ha tru på inntrykket som ein sendar til dei som ser på og oppfattar. Ifylgje Goffman (2014) er det å ha tru på det ein gjer og jobbe for at det saman med andre skal oppstå positivitet er ein

naturleg del av det å være menneske. På lik linje som at det usikkerheitene og haldningane både til seg sjølv og andre også fell under det å være ei menneske (s. 132).

#### 4.4.1 Kommunikasjon i strid med rollen

Innanfor desse framsyningane som skjer i samhandling med andre i form til eit lag eller ei gruppe vil det der være tidspunkt som dei som spel går ut av son rolle. Det vil også da være ein kommunikasjon forutan at ein spel ulike rollar. Dette skjer altså bak fasaden slik at dei som skal sjå på framsyninga ikkje oppfattar korleis det er når dei ikkje spel (Goffman, 2014, s. 141). Om ein ser på den beskrivinga som Goffman (2014) har i forhold til dette med kommunikasjon som er motstridande med intrykket som ein ynskjer å vise. Blir det lagt frem at det ikkje er heilt klart i alle situasjonar kven som er med i laget eller gruppa og kven er det som ikkje er med. Dette kan påverkast av samhøyrrel eller usikkerheit i forhold til personens posisjon (s. 143). Her kan det eksempelvis i skulen omhandle at rektoren tek feil og trur at ein student er ein lærar. Studenten kan da få tilgang til gruppa eller informasjon, noko som eigentleg ikkje skulle skje. Om dette oppstår kan ein gå inn med det som Goffman (2014) definerer som eit «dobbeltspel». Som inneber at i tilfelle der studenten ikkje gjev seg tilkjenne og har respekt for rektoren med den feilen som vert gjort (s. 144). Slike situasjonar kan ofte oppstå der det er forskjell mellom kva som er back og frontstage.

Om ein ser på dette med frontstage så kan små grep her føre til at spelet kan bli avslørt i form av at kommunikasjon som eigentleg skulle være bak fasaden kjem fram. For det som skjer backstage er like viktig for det som skal skje frontstage med tanke på dei som skal opptre. Det er også slik at dei som skal opptre og dei som ser på er i ulike settingar (Goffman, 2014, s. 150). Her kan ein trekkje opp eit eksempel med at kroppsøvingslæraren er i ei setting med det å skulle undervise og har backstage planlagt undervisninga. Mens eleven er kome for å ta imot lærdom gjennom undervisninga til kroppsøvingslæraren. Iføljje Goffman (2014) er det slik at menneske ikkje alltid ynskjer å vite alt, men at det som omhandlar ryddigheit er meire viktig enn dette som omhandlar informasjonsdeling (s. 151).

Gjennom denne rolleteorien til Goffman viser den relevant i forhold til å sjå på korleis læraren og dens rolle er i forhold til jenter i kroppsøving. Med tanke på teaterførestelling og framsyning vil teorien hjelpe meg med å kunne analysere korleis læraren forhold seg og opptre som kroppsøvingslærar. Vidar til sjølvmotsigade rollar og kommunikasjon i strid med



rolla være til hjelp når det kjem til type språk som vert nytta. Samt det å sjå på korleis kroppsøvingslæraren overbeviser og skapar trygghet ovanfor jentene i kroppsøving.

## 5 Metode

Gjennom metodekapittelet vil det i samsvar med Fekjær (2013) bli presentert kva metode som er nytta og korleis framgangsmåten i prosjektet har vore. Dette inneber dei overveielsane og vurderingane som er gjort i forhold til metodane som er nytta i forskingsprosjektet. I tillegg ei drøfting rundt desse vala og analyse av dei datane som kom fram (s. 74-75). I ein slik studie er det viktig å ikkje berre tenkje over kva ein vil undersøkje, men også korleis ein ska finne svar og den informasjonen ein treng for å kunne besvare problemområdet. Ut frå problemområdet kommunikasjon i kroppsøving vert det tidleg avgjort at felten måtte nyttast for å undersøkje problemområdet. Det vert også tidleg avgjort at dette skulle gjennomførast ved hjelp av kvalitativ forskingsmetode. Det vil fyrst bli begrunna vala og gjennomføringane rundt metodane ikkje-deltakande observasjon og semi-strukturert intervju. Vidare blir utvalsprosedyra presentert, altså måten informantane vert teke ut. Dette med påfølgjande analyse av datane der tema for resultatet blir utarbeidd, samt synspunkt når det kjem til validitet, både intern og ekstern. Avslutningsvis vil dei etiske overveielsar opp imot dei vala som er gjort i studien bli presentert.

### 5.1 Relasjon mellom kvalitative forskingsmetodar

Innanfor dei samfunnsvitskaplege metodane og her kvalitativ forskingsmetode er formålet å søkje etter ei forståing av ulike sosiale fenomen og ulike kjenneteikn ved desse. Anskaffelse av informasjon og kunnskap rundt feltet er viktig å innhente. Dette for å på best mogleg måte kunne forstå korleis forskingsfeltet er og forstå det som ein vidare skal forske på (Thagaard, 2018, s. 15). For å forstå lærarens kommunikasjon til jenter i kroppsøving er det vald å nytte metodane ikkje-deltakande observasjon med eit semi-strukturert intervju i etterkant. Dette med bakgrunn i at desse metodane utfyller kvarande. Her gjennom det ein ser i observasjon kan trekkjast opp igjen intervjuet for å få informantens synspunkter rundt det som er observert. Dette vil da være med å gje forskaren ein god dybdeforståing innanfor problemområdet, samt at det å nytte to metodar som utfyller kvarandre er med å skapar større validitet (Denzin & Lincoln, 2005, s. 16). Gjennom det å nytte ein ikkje-deltakande observasjon vil hjelpe meg og mitt prosjekt med å forstå korleis kroppsøvingslæraren

kommunisera ovanfor jenter i kroppsøving. Mens det semi-strukturerte intervjuet vil være til stor nytte både for å få lærerens forståelse av det som er observert. Men også kva kroppsøvingslærarane tenkjer rundt kommunikasjon ovanfor jenter i faget.

I forhold til at det gjennom denne prosessen er nytta ein vidaregåande skule og det skulle være ein dybdeforståing såg eg det som relevant å nytte desse to metodane saman.

## 5.2 Utval og utvalsprosedyre

Gjennom denne studien er det ikkje nytta eit stort utval, men det var da viktig å kunne gjennomføre eit godt utval. Dette for å på best mogleg måte kunne gje ei god forståing og få nok informasjon ut ifrå det utvalet ein dannar seg. Det er her i tråd med Thaagard (2018) nytta eit strategisk utval for å rekruttere kroppsøvingslærarar som både hadde eigenskapane og kvalifikasjonane til å delta i studien (s. 54).

Det er gjennom studien nytta ein vidaregåande skule på Austlandet der det er mellom 700-750 elevar og mellom 140-170 tilsette. Denne skulen var for meg som student kjend gjennom studie som eg har gått. Med ein slik bakgrunn var det lett å sende ein førespurnad i forhold til at eg hadde informasjon rundt lærarar som kunne nyttast i min studie, her både med tanke på erfaring og kjønn. Fyrste steg var å ta kontakt med rektor ved denne skulen der det via ein e-post vert sendt eit informasjonsskriv (vedlegg 1). Gjennom dette skrivet spurte eg som forskar om skulen ville gje løyve til at eg kunne studere og nytte kroppsøvingslærarar ved den skulen. Det var også i korte trekk presentert kva og korleis forskning skulle gå føre seg. Rektor ved denne skulen godkjende at eg kunne nytte skulen og kroppsøvingslærarane til å studere.

Vidare fekk eg invitasjon til å ha eit møte med kroppsøvingslærarane der vi skulle finne ut kven som ville delta og kva tidspunkt datainnsamlinga skulle finne stad. Gjennom dette møte vert det bekrefta at det var fire kroppsøvingslærarar, to mannlege og to kvinnelege som ynskte å delta. Då møte var slutt vert det til kvar enkelt kroppsøvingslærar sendt ut ei samtykkeerklæring (vedlegg 2). Denne inneheldt kva studien gjekk ut på, korleis deira personvern vart teke hand om, samt kva rettigheitar dei hadde ved å delta. Denne skulle dei lese gjennom og skrive under på for å gje sitt samtykke. Dette var noko som eg som student og forskar var pålagt å forhalde meg til opp imot NSD sine krav om personvern og sikkerheit. Opp mot både ikkje-deltakande observasjon og semistrukturert-intervju vert tidspunkt og dato

bestemt på møte eg hadde med lærarane, men det vert også bekrefta via e-post til kvar enkelt lærar. Det er under sett opp ein oversikt der ein kan sjå kven som har delteke i studien, både med tanke kjønn, utdanning og erfaring som kroppsøvlingslærar. Også er det brukt fiktive namn slik at dei som har delteke ikkje skal kunne sporast i forhold til personvernet gjennom forskingsprosjektet.

*Tabell 1: Oversikt over utval med kjønn, utdanning og erfaring*

| <b>Lærar</b> | <b>Utdanning</b>   | <b>Erfaring</b>              |
|--------------|--|------------------------------|
| Hanne        | Masterutdanning i idrettsvitskap   | 12 år som kroppsøvlingslærar |
| Kirsti       | Faglærerutdanning kroppsøving og idrett.<br>Adjunkt med opprykk.                       | 20 år som kroppsøvlingslærar |
| Thomas       | Bachelor faglærer i kroppsøving og idrettsfag  | 7 år som kroppsøvlingslærar  |
| Fredrik      | Bachelor faglærerutdanning, historie, mellomfag<br>og førebuande. Totalt super adjunkt | 26 år som kroppsøvlingslærar |

### 5.3 Ikkje-deltakande observasjon

Observasjon omhandlar i enkel forstand det å kunne oppdage eller sjå. Dette er noko som alle opplev og gjer, men ikkje nødvendigvis reflekterar og tenkjer så mykje rundt. Rettar ein observasjon mot forskning inneber det ulike metodar, her både deltakande- og ikkje deltakande observasjon. Begge desse metodane omhandla å oppfatte, analysere og avklare kva ulike menneske gjer i dei ulike situasjonane som dei kjem inn i. Deltakande observasjon omhandlar at forskaren er inne i miljøet som dei ein observerar befinn seg i. Dette kan eksempelvis være ein som observerar ein kroppsøvingstime og i tillegg er med å hjelp til med utstyr (Thaagard, 2018, s. 63). Ein ikkje-deltakande observasjon er som Bryman (2012) beskriver:

*This is a term that is used to describe a situation in which the observers observers but does not participate in what is going on in the social setting. Structured observes are usually non-participants in that they are in the social setting that is being observed but rarely participate in what is happening. The term can also be used in connection whit unstructured observation (s. 270).*

Det er altså ein måte å nytte observasjon på utan at ein i stor grad påverkar den eller dei som skal observerast. Grunnlaget for å nytte denne metoda opp imot dette forskingsspørsmålet er for at eg som forskar skal få best mogleg og mest reelle situasjonar gjennom observasjon. Hadde forskaren derimot vore med i den sosiale settinga kunne læraren verte påverka som igjen kan resultere i at observasjonane ikkje hadde vore reelle i forhold til gjennom ein ikkje-deltakande observasjon (Bryman, 2012, s. 271-272).

Når det kjem til plassering av meg som observatør var tribuna nytta. Der observasjon fann stad var det tribune som var ovanfor hallen slik at ein vart sittjande og sjå ned på dei som held på med aktivitet. Grunnen til at tribuna vart nytta var for at lærar og elevar ikkje skulle føle eller tenkjer så mykje over at det var nokon som satt å observerte dei. Gjennom observasjon vart det nytta ein enkel observasjonsguide (vedlegg 3). I guiden var det lagt inn punkter i toppen av dokumentet som var viktige og som var gjennomgått iforkant av observasjon. Dette for å ha mest mogleg fokus på korleis læraren kommuniserar og oppfatte mest mogleg kontra det å være bunden til eit skjema som er meire omfattande og der ein i større grad risikerar å miste viktige delar av undervisning. I tillegg var det ei trygghet å ha ein observasjonsguide i forhold til at alt kan være interresant å sjå på i ein observasjon. Har ein da konkrete punkt å sjå på skapar det meire struktur gjennom det å sjå etter det som er relevant.

### 5.3.1 Grunnlag for ikkje-deltakande observasjon

Ikkje-deltakande observasjon er ein krevjande metode å nytte med tanke på å innhente data. Dette både i forhold til ressursar det krev, samt at det å observere kan ta ein god del tid. Når det er sagt er ikkje-deltakande observasjon svært relevant innanfor dette forskingsfeltet. Her fordi ein får eit innblikk i korleis læraren legg til rette for kommunikasjon, samt korleis læraren er i forhold til haldningar og måtar å kommunisere på. Gjennom ein ikkje-deltakande observasjon kan ein altså få fram fleire sidar som kanskje ikkje hadde kome fram gjennom berre eit intervju (Thagaard, 2018, s. 75). Det er i denne studien svært relevant med ein ikkje-deltakande observasjon for å få eit innblikk i korleis læraren kommuniserar ovanfor jenter, samt korleis læraren er i undervisningssamanheng. Gjennom denne metoda er det mykje lettare å tolke kroppsspråk og haldningar læraren nyttar kontra berre gjennom eit intervju. Ved å nytte ein ikkje-deltakande observasjon er det viktig for forskaren å gjere atmosfæra til informanten trygg. Dette igjen for at informanten skal gjennomføre ein mest mogleg normal undervisning og ikkje føle på ei usikkerheit. Er det usikkerheit vil det igjen føre til resultater

som ikkje ville vore relevante om informanten er trygg (Thagaard, 2018, s. 74). Informantane i denne studien fekk informasjon i forkant av observasjon for å vite kva som skulle foregå og kunne opptre som dei vanlegvis gjorde. For denne studien så er observasjon ein god metode meiner eg med tanke på at ein får innblikk i korleis læraren faktisk kommuniserar med jentene og kan tolke det med eigne augar. Ein annan ting som er svært relevant opp imot observasjon er at ein kan sjå ulike grunnar til at læraren handlar som ein gjer. Både gjennom det å observere handlingar og kva slags atferd læraren har til elevane.

Når det kjem til gjennomføring av dei fire observasjonane med fire ulike kroppsøvingslærar vert desse gjennomført i same anlegg med ei tidsramme på ca ein time og ti minutt. Som nemnd under punkt 5.2 fekk kvar av kroppsøvingslærarane ei samtykkeerklæring (vedlegg 2) dei skreiv under på før datainnsamlinga starta. Denne samtykkeerklæringa gjekk både på observasjon og intervjuet. Den fyrste observasjon vert gjennomført ein dag, mens dei tre andre observasjonane vert gjennomført nokre dagar seinare. Dette for å leggje tilrette for kroppsøvingslærarane på best mogleg måte både i forhold til tida dei hadde til disposisjon, samt økter dei hadde på ulike dagar.

Opp imot observasjonsguiden vert det gjennom observasjon notert ned det som vert sett opp mot dei ulike punkta som vert skrevet ned i utarbeidelsen av observasjonsguiden. Fokuset gjennom observasjon var å få ned det som var viktig med få ord og dermed ha fokus igjen på det som skjedde i hallen. I etterkant av observasjonane vert feltnotatet gjennomgått og det vert skrevet ei oppsummering av det eg hadde sett og dei inntrykka eg satt med. I tillegg vert også spørsmål eg satt med etter observasjon nedskrevet for å trekkje dei med inn i intervjuet.

### 5.3.2 Analyse av observasjon

Det vert også gjennomført ei deskriptiv analyse av observasjon. Denne analysa har som formål ved eit beskrivande design å være med å svare på korleis kroppsøvingslærarens kommunikasjon er ovanfor jenter i kroppsøving. Der prosessen med analysearbeidet allereie startar rett i etterkant når feltnotat skulle skrivast (Thagaard, 2018, s. 85). Gjennom observasjon og rett i etterkant vert det som nemnd skrevet eit feltnotat og dette vert gjennomgått i etterkant av observasjon. Grunnen for at det vert gjennomgått ganske tidleg i etterkant var med bakgrunn i at observasjonen satt friskt i minne. Samt at det også var lettare å ha eit klart blikk over observasjon. Då feltnotata i frå alle observasjonane var nedskrive vert

dei gjennomgått for så sett etter likskap som kunne være med å beskrive korleis lærarens kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving var.

Det som kom fram gjennom observasjonsanalysen vil gjennom resultatkapittelet bli presentert saman med funna som vert gjort av intervjumaterialet.

#### 5.4 Det kvalitative forkingsintervjuet

Intervju er den andre metoda som er nytta for å skaffe mest mogleg tilstrekkeleg kunnskap og informasjon rundt forskingsområdet. Eit kvalitativt forkingsintervju omhandlar det å kunne forstå informantens dagleg liv gjennom deira eiga perspektiv. Som forskar så skal ein nytte den informasjon til å kunne forstå forsingsfeltet som ein undersøker. Dette gjennom å tilegne seg kunnskap og informasjon som informanten sitt med (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 42). Også innanfor denne metoda er det ulike måtar å gjennomføre på, her både semi-strukturert og ikkje-strukturert intervju. Når eit intervju er strukturert er hovudspørsmåla utforma på førehand og informanten har mogleheit til å svare fritt i frå sitt perspektiv. Mens eit ikkje-strukturert intervju er meire ei laus samtale der det ikkje er planlagt spørsmål på førehand. Dette verkar meire som ei laus samtale mellom forskar og informant (Thagaard, 2018, s. 90).

I dette prosjektet er det i tråd med Thagaard (2018) nytta eit semi-strukturert intervju med grunnlag i å ha ein god struktur ved å stille spørsmål som ein ynskjer svar på i tillegg til at svara kan samanliknast i etterkant av alle intervju (s. 91). Gjennom eit slik intervju er det særdeles viktig å skape gode rammar og betingelsar for informanten. Dette for å ha ein trygg ramme rundt intervjuet og dermed kunne skape eit best mogleg resultat. I ein slik setting er det viktig at forskaren styrer intervjuet og leder ann slik at det ikkje blir utrygghet. Som forskar skal ein stille spørsmål, ha tid til å la informanten tenkje og lytte til kva informanten har å svare. Forskaren skal også ifylgje Kvale og Brinkmann (2021) jobbe for at det på ein best mogleg måte skal bli ei god setting både for forskar og informanten (s. 47).

##### 5.4.1 Grunnlag for kvalitativt intervju

Semistrukturert-intervju er ein metode å innhente data på der ein får meire spesifikk informasjon angående informantens livssituasjon. I eit intervju er det meire konkret informasjon i forhold til i ein observasjon der ein må tolke det ein ser. Det er vald å nytte intervju i etterkant av observasjon for å skaffe enda meire informasjon rundt det som er

observert, samt informasjon rundt forskingsfeltet. I tillegg til å kunne få grunngevingar ifrå informanten opp imot det som er sett i observasjon. Det å stille spørsmål angående ulike situasjonar og få læraren til å tenkje meire over situasjon vil for forskaren være relevant. Dette med tanke på ein større betydning opp imot feltet som forskes på (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 46). For at dette skulle være mest mogleg strukturert og ha ein raud tråd gjennom intervjuet det i forkant utarbeidd ein intervjuguide (vedlegg 4). Grunnlaget for dette var å ha struktur gjennom spørsmåla, ei hjelp om det vert stillheit og ei trygghet både for meg som forskar og for informanten (Thagaard, 2018, s. 94). Det vert starta med heilt generelle spørsmål rundt kommunikasjon for å skape trygghet samt at informanten fekk tenkt seg om i forhold til kva som blir forbunden med kommunikasjon. Ettersom intervjuet gjekk vert det stilt meire spesifikke spørsmål som omhandla observasjon som vert gjort i forkant.

Med tanke på gjennomføring av dei fire ulike intervjua vert fyrste intervjuet gjennomført via nettet for å kunne leggje mest mogleg til rette for informanten og tidspunktet det passa. Dei tre andre intervjua vert gjennomført i eit lite møterom ved skulen der observasjonane føregjekk. Før intervjuet starta vert det informert rundt bruken av diktafon og informanten fekk informasjon om at dei når som helst kunne avslutte utan at grunn måtte fremmast. I tillegg til at dei hadde moglegheit til å stille spørsmål rundt intervjuet. Tidsramma per intervju var på ca 30 minuttar, noko som også vert formidla i forkant. I tråd med Thagaard (2018) vart det ei god stund i forkant av intervjua gjennomført eit pilotintervju for å kartleggje korleis spørsmåla traff forskingsfeltet, formulering av spørsmål, samt om det var lagt til rette for at informanten har moglegheit til å prate ut i frå egne erfaringar (s. 97).

#### 5.4.2 Pilotintervju

For at ein som forskar skal kunne få mest ut av eit intervju, er det viktig å ha testa det ut for nokon før ein skal intervju informantane i forskinga. I tillegg til at det for forskaren er greit å teste ut intervjuguiden i forhold til om ein dekkjer det ein ynskjer å dekkje. Det er også gjennom eit pilotintervju lettare å fange opp endringar ein bør gjere før det rette intervjuet. Gjennom denne prosessen er det som Thagaard (2018) påpeikar viktig å kartleggje det som var bra og det ein bør endre på. Dette går på om spørsmåla og rekkjefølgjen på dei skal endrast, samt om informanten har moglegheit til å svare ut i frå eigen erfaringar. Og ikkje minst få eit innblikk i korleis forskaren er til å intervju (s. 97-98).

Det vert gjennomført eit pilotintervju med ein kroppsøvlingslærer kollega som har kvalifikasjonar til å kunne svare og reflektere rundt tema. Pilotintervjuet fant stad på eit møterom der diktafon vert nytta også for å prøve ut dette (informant vert informert). Då intervjuet var ferdig vert det reflektert og drøfta rundt korleis det fungerte og kva eg som forskar fekk ut av det. Det kom fram at nokre av spørsmåla burde endrast rekkjefylgje på, samt fjerne gjentakande spørsmål. Som forskar fekk også eg tips om å bli flinkare til å stille oppfylgjingsspørsmål. Desse attendemeldingane gjorde det lettare å kunne sikre kvalitet i dei seinare intervju, samt skape eit godt engasjement rundt intervjuet og informanten (Thagaard, 2018, s. 95). Med tanke på min eiga rolle som forskar fekk eg påpeika at eg svara mykje «ja». Dette hang da saman med at eg ikkje stilte oppfylggingsspørsmål, men heller svara «ja» og tona det over i neste spørsmål. Med tanke på intervjuetting følte informanten seg ivareteke gjennom ei trygg setting. Her både gjennom augekontakt, tilstadeværelse og evne til å lytte. Med tanke på at dette er ein setting som eg ikkje er svært kjend med, hjalp pilotintervjuet meg med å kartleggje kva endringar som skulle til for å forbetre intervjuguiden og være meire bevist over kva eg skulle stille av spørsmål og korleis eg skulle forhalde meg.

#### 5.4.3 Semistrukturert intervju med kroppsøvlingslærarane

I forkant av intervju var det ein laus og ledig tone med alle informantane der dei fekk prate litt fritt før vi skulle starte. Det vert før start informert rundt bruk av diktafon og formålet med intervjuet. Gjennom kvart intervju vert det ikkje skrevet ned noko i forhold til å ha det fulle fokus mot informanten, samt at det var nytta opptakar som skulle transkriberast i etterkant. I etterkant av kvart intervju skreiv eg ned korleis intervjuettinga var i forhold til atmosfære og korleis læraren verka å være under intervjuet. Det eg skreiv ned i etterkant av kvart intervju har for meg haft stor betydning når eg har transkribert, samt det med å forstå kvifor lærarane svara på spørsmåla på ein gitt måte. Gjennom denne prosessen fekk eg sett samanhengen mellom atmosfæra til intervjuet og kunne lettare begrunne kvifor eg fekk dei svara eg fekk. Som Thagaard (2018) presiserar er det viktig å oppretthalde respekt og tillit ovanfor informanten (s. 106). I denne situasjon var det lettare i forhold til at eg hadde vore i kontakt med denne skulen før og hadde ein viss kjennskap til dei som eg skulle bruke som informantar. Gjennom intervjuet vert det stilt ulike spørsmål som la til rette for at informanten kunne prate om tidlegare erfaringar. Det verka som at gjennom alle intervju var informanten



stødig og trygg med tanke på at det vert prata mykje om erfaringar og kunnskap, samt egne meiningar og tankar.

Eg merka at eg etter intervju ein og til intervju to vert eg meire trygg som forskar og det var også lettare å stille fleire oppfølgingsspørsmål som igjen gagnar mitt forskingsområdet.

Gjennom transkriberinga fekk eg inntrykk av at eg fekk mykje ut av kvart intervju, men eg ser at eg på visse punkter kunne stilt enda meire spørsmål for å få enda meire kjøtt på beinet.

## 5.5 Transkribering

Transkripsjon av intervjumaterialet omhandlar den transformasjon frå munnlege intervjusamtalar og over til ein skriftleg tekst. Transkripsjon er altså som Kvale og Brinkman (2021) definerar, ein form for oversettelse ifrå talespråk og over til skriftspråk (s. 204). Eg har gjennom denne fasen transkribert alt av datamaterialet og det vil under bli gjort rede for korleis eg har fullført denne prosessen.

Grunnen til at transkripsjon blir gjennomført, er som Kvale og Brinkmann (2021) fremlegger, at materialet blir strukturert i tekstform som igjen er med å gjer det lettare å skape ein oversikt. Denne transkripsjon er også starten av den vidare analysen av datamaterialet (s. 206). Intervjuane har eg vald å transkribere sjølv både for å kunne få ein gjengivelse av det eg allereie hadde informasjon om, samt sjå det med «friske» auger. Gjennom denne prosessen hadde eg moglegheit til å notere ned min oppleving, pausar gjennom intervjuet og kva kroppsspråk informanten hadde. I tillegg til at som Kvale og Brinkman (2021) påpeikar som viktig, er det å lære rundt sin eigen intervjustil (s. 207). Dette erfarte eg gjennom den transkripsjonsprosessen.

Når det kjem til sjølve transkripsjonsprosessen hadde informantane både dialekt, samt at fleire av dei prata bokmål. Ut ifrå dette har eg vald å skrive det om til nynorsk skriftspråk både fordi det er det skriftspråket eg nyttar i min eigen skriving og det er lettare å finne likheitstrekk og ord i transkripsjon. Eit eksempel her kan være der informanten sa «hvorfor», er det skrevet «korleis». Dette med bakgrunn i å ta vare på innhaldet i kvart enkelt intervju då det vert omgjort til tekst (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 208). I tillegg vert også namna på dei som vert intervjuet skjult, dette for å overhalde NSD's reglar og for å sikre informantens peronvern (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 213).

Sjølve transkripsjon strarta rett i etterkant av kvart intervju. Dette fordi det da låg friskt i minne og det var lett å kunne sjå attende på korleis atmosfæra var gjennom intervjuet. I tillegg var det for meg viktig å kunne transkribere og erfare fram til neste intervju. Gjennom det fyrste intervjuet la eg merke til at eg sa mykje «ehh» og spørsmål vert oppstykkka. Som igjen førte også til at eg fleire plassar kunne stilt meire oppfylgjinsspørsmål. Dette tok eg med meg til dei neste intervju. Ettersom eg vert ferdig med intervju og fekk transkribert dei skreiv eg ned hovudpunkter som eg synes var viktig i frå transkripsjon. Dette både for å få enda betre kjennskap til data, samt gjere det lettare for den vidare prosessen med analyse av datane (Braun & Clarke, 2022, s. 5).

## 5.6 Analyse av datamaterialet

Gjennom analyseprosessen er målet å kunne identifisere og analysere ulike mønster opp mot mine forskingsdata. For så å kunne skaffe meg mest mogleg innsikt og forståing rundt resultat i intervju har eg vald å ta nytte av Braun og Clarke (2022) sin tematiske analyse (s. 5). Arbeidet med å analysere den innhenta data har vore ein kontinuerleg prosess der målet har vore å teke frå kvarandre informasjon for så forsøkt å finne mønster. Dette opp imot korleis kroppsøvingslærarar nyttar kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving i tillegg til kva grunnar som ligg bak. Ved å ta nytte av denne tematiske analysen har eg fått ein større og djupare forståing av dei intervjudata eg sitt med. Her i forhold til det å ha fått innsikt i korleis lærarar jobbar med kommunikasjon i kroppsøving og spesielt ovanfor jenter. Samt at eg har ein større forståing av dei grunnane som ligg bak den praktiske kommunikasjonsåtferda til kroppsøvingslærarar. Gjennom den tematiske analysen er det ulike steg som skal hjelpe ein til å kome fram til resultat i intervju. Dei seks stega omhandlar:

1. Gjere seg kjend med datamaterialet
2. Lage koder
3. Formulere tema
4. Gjennomgå tema
5. Definere og namngje tema
6. Skrive resultat

(Braun & Clarke, 2022, s. 35).

Innanfor steg ein, som omhandlar å skape kjennskap til datamateriale vert det i denne fasen lytta til intervju samt skrevet ned gjennom transkripsjon. Då eit og eit intervju var ferdig

transkribert, vert det lese gjennom ein gong til. Det vert skrevet ned tankar eg satt med i forhold til både viktige ord og tema som vert prata om gjennom intervjuet. Gjennom denne fordjupingsprosessen vert det i tråd med Braun og Clarke (2022), kartlagt og notert tankar rundt det som eg både hørde på og las i etterkant (s. 35). Vidare var det så å starte med fase to der det skal utarbeidast kodar i frå det som er skrevet ned. Gjennom denne fasen var det om å gjere å systematisk lese nøye gjennom. For så å trekkje ut dei orda og uttrykka som var viktige og som hadde ein betydning opp imot kommunikasjon i kroppsøving. Då alle intervjuar var gjennomgått og kodane skrevet ned, satt eg med totalt 379 kodar som hadde betydning for forskings spørsmålet. Ved å lese gjennom intervjuet ein gong til, der det vert luka ut ord som hadde same betydning, samt at det var nokre nye ord som vert skrevet ned. Ut ifrå gjennomgang nummer to satt eg att med 121 kodar då det skulle formulerast tema (Braun & Clarke, 2022, s. 35).

Innanfor steg tre som omhandlar å formulere tema ut ifrå dei kodane ein sitt med, skreiv eg her ned dei kodane som hadde betydning for mitt forskings spørsmål. Her for å få ein oversikt og kunne kategorisere ulike kodar som kunne setjast under same tema. I tråd med Braun og Clarke (2022) vert kodane som omhandla same tema sett saman, som igjen skal være med å påverke resultatet og forskings spørsmålet (s. 35). Eksempel her kan være at omgrep som «kroppsspråk», «skriftleg», og «munnleg», vert sett under koda «kommunikasjon». Ut ifrå denne gjennomgangen, der eg systematisk fekk sett opp kodane under ulike tema i kvart intervju, satt eg til slutt att med tre tema og sju undertema.

*Tabell 2: Tema på semantisk nivå*

|  |                     |
|--|---------------------|
| <b>Kommunikasjon</b>                       |                     |
| Forståing                                  | Typar kommunikasjon |
| <b>Bruk av kommunikasjon i kroppsøving</b> |                     |
| <b>Relasjon</b>                            |                     |
| Kjønn                                      | Lærer               |
| <b>Rolle</b>                               |                     |
| Læringsmiljø                               | Utvikling           |

Vidare i den fjerde fasa gjekk eg gjennom transkripsjon av intervjuar ein gong til, samt hørde gjennom lydfilene. Både for å sjekke at det ikkje var noko som eg ikkje har fått med, i tillegg

til å sjekke at kodane og tema som er utarbeidd har ein samanheng. I forhold til Braun og Clarke (2022) vert det gjennom denne fasa evaluert og vurdert opp imot tema. Det vert sett på om dei hadde ein samanheng med kodane og om dette kunne gje eit resultat i forhold til problemområdet (s. 35). Det er fram til nå utarbeidd ulike tema frå kodane gjennom eit semantisk nivå. Gjennom denne fjerde prosessen skal tema bevege seg frå eit semantisk nivå og over til eit latent nivå (Braun & Clarke, 2022, s. 35). Her satt eg med fire hovudtema og tre undertema.

*Tabell 3: Tema på latent nivå*

|   |            |
|---|------------|
| <b>Forsting av kva kommunikasjon er</b>                         |            |
| <b>Kommunikative handlingar</b>                                 |            |
| Verbal  | Non-verbal |
| <b>Relasjonar opp imot lærarens kommunikasjon i kroppsøving</b> |            |
| <b>Lærarens rolle</b>   |            |
| Undervisning  |            |

I steg nummer fem som i fylgje Braun og Clarke (2022) inneber å skulle definere og namngje tema (s. 36). Vart det i denne fasen gått gjennom transkripsjon av intervjuet og høyrde gjennom lydfilene for å finne ut kva kvart tema ville innehalde. Gjennom denne prosessen vert det funne relevante sitat som kunne underbygge tema som er utarbeidd. Den endelege oversikten over tema vises i tabellen under og er det som dannar grunnlaget for steg nummer seks. Som er det siste steget og inneber resultatkapittelet (Braun & Clarke, 2022, s. 36-37).

*Tabell 4: Endeleg oversikt over tema*

|   |              |
|---|--------------|
| <b>Lærarens forståing av kva kommunikasjon er</b>         |              |
| <b>Kommunikative handlingar i kroppsøvingundervisning</b> |              |
| <b>Lærarens rolle opp imot jenter i kroppsøving</b>       |              |
| Relasjon  | Undervisning |

Gjennom resultatet blir funna som vert gjennom analyseprosessen presentert. Her vil feltnotata være til hjelp med tanke på det å presentere situasjonar som kom til syne gjennom observasjon. Det var med å danna grunnlaget for refleksjonar gjennom intervjuet. Observasjonane vil bli presentert med etterfølgde sitat ifrå intervjuet der det er relevant. I tillegg til å gjennom diskusjon sjå observasjon og intervjuet opp mot kvarande i forhold til om det er noko motsigande funn eller om intervjuet samsvarer med observasjonane som vert gjort.

## 5.7 Ethiske retningslinjer

Innenfor ulike forskingsfelt vil det stadig være etiske retningslinjer ein må forhalde seg til, samt ulike problemstillingar som vil dukke opp undervegs i forskingsprosessen. Dette er eit viktig punkt med tanke på både forskarens og informantanes sikkerheit gjennom forskingsprosessen (Thagaard, 2021, s. 20-21). Gjennom forskingsprosessen er NESH, forkortelse for den nasjonale forskningsetiske komitefor samfunnsvitenskap og minaniora verte nytta. Dette i forhold til at forskingsprosessen skulle foregå på ein sikker og forsvarleg måte (NESH, 2021, s.4-5). Eg vil vidare leggje fram dei ulike vurderingar eg som forskar har møtt på gjennom denne forskinga.

For å kunne starte ei datainnsamling i ein studie er det viktig at ein melder inn prosjektet til NSD. NSD er forkortelse for Norsk Samfunnsvirskapleg Datatjeneste og er eit sikkerheitsmiddel for forskning som blir gjort. Ved innmelding av prosjektet vert det utarbeidd eit informasjonsskriv ihenhold til NSD sin mal. Dette informasjonsskriver (vedlegg 1) inneheld informasjon rundt studien, kven som skal delta og korleis datainnsamling går føre seg (NESH, 2021, s. 18). I tillegg vert samtykkeerklæringa (vedlegg 2) der kroppsøvingslærarane skulle delta gav sitt samtykke i deltaking, sendt inn saman med observasjonsskjema (vedlegg 3) og intervjuguide (vedlegg 4) som skulle nyttast i datainnsamlinga. Alle kroppsøvingslærarane som skulle delta i studien, fekk ved fysisk oppmøte informasjon rundt kva samtykkeerklæringa inneheldt og kva studien gjekk ut på. Her før dei sjølv las gjennom og underteikna før noko av datainnsamlinga starta (NESH, 2021, s. 19).

Gjennom min studie er det nytta både observasjon og intervju. Gjennom samtykkeerklæringa (vedlegg 2), vert informantane lova anonymitet. Dette inneber at enkeltindivid ikkje skal kunne identifiserast gjennom forskinga og det skal være ein beskyttelse for informantens identitet (NESH, 2021, s. 22-23). For å ivareta dette fekk informantane informasjon rundt

dette, både gjennom samtykkeerklæringa i tillegg til at eg som forskar fortalde det før kvar observasjon og kvart intervju starta. Med tanke på at forskningstema omhandlar kroppøvlingslærarars kommunikasjon ovanfor jenter, kan det være eit tema som mange synes er vanskeleg å prate om. Både iforhald til forskning som er gjort, men også at mange kan være redd for at det dei gjev av informasjon skal komme ut. Eller at det ved eit seinare tidspunkt skulle felle attende på kroppøvlingslæraren og det som har vorte uttala. I forhald til dette vert anonymitet opp imot prosjektet vurdert som relevant, med tanke på å skåne lærarane. Men også at ein både gjennom observasjon og spesielt intervjuet hadde ei moglegheit til å få dei mest ærlege svara, i forhald til at det vert stilt sikkerheit i anonymitet.

I datainnhentinga vert det gjennom observasjon nytta eit observasjonsskjema (vedlegg 3). Og det vert gjennom intervju nytta ein diktafon til å ta lydopptak av intervjuet. I forkant av datainnsamlinga vert det avklart at data skulle lagrast sikkert og det skulle slettast når sensuren på studien er gjett. Dette vert også informert gjennom samtykkeerklæringa, samt i frå meg som forskar før innsamlinga starta. Når det gjeld observasjonsskjema vert det ikkje notert ned navn eller informasjon som kunne rekkjast til den informanten som vert observert. Ved intervjuet og lydopptaket vert det lagra i eit sikkert nettskjema som institusjon eg studerar ved har lagt opp til. Her fordi ikkje skal være andre enn meg som forskar som skal ha tilgang til det som er samla inn av datamaterialet (NESH, 2021, s. 25).

Som ein veit kan det både gjennom observasjon og intervju kome fram informasjon om personar ein ikkje har samtykke ifrå. Dette var ei vurdering som måtte gjerast fordi det kunne verte trekt inn enkeltpersonar som læraren pratar om eller som ein observe. Ved denne studien vert det beslutta at det ikkje skulle noterast ned eller stillast spørsmål som kunne trekkje inn personar som ikkje hadde gjett samtykke til studien. Dette med bakgrunn i at det er lærarens kommunikasjon som skal sjåast på opp imot jentene. Så gjennom studien vil samlebetegnelsen, «jentene» og «gutane». Dette med bakgrunn i at jentene tross alt er ein del av fokuset i oppgåva, men hovudfokuset ligg på læraren. Det er altså i søknaden ikkje lagt vekt på at det kan forekomme at tredjeperson blir trukket inn (NESH, 2021, s. 26).

## 6 Studiens reliabilitet og validitet

Reliabilitet og validitet er to punkt som er viktige innanfor forskning, men det er forskjell på dette innanfor kvalitativ og kvantitativ forskning. Med tanke på at dette er ein kvalitativ studie er ikkje reliabilitet så relevant og sentralt. Dette med bakgrunn i at gjennom kvalitativ

forksing er det eit samarbeid mellom forskar og informantar og gjennom dei ulike undersøkjelsessituasjonane kan ikkje ein forskar opptre på same måte og resultatane vil dermed ikkje bli dei same om ein gjer studien på same måte. Men som Thagaard (2018) presiserer er det viktig å argumentere for korleis datamaterialet har vorte utvikla gjennom forskingsprosessen (s. 188). Medan validitet er svært relevant med tanke på smanhengen mellom funn og teoretiske perspektiv, samt studiens overførbarheit (Bryman, 2012, s. 383-386).

## 6.1 Reliabilitet

Forskaren har ei viktig oppgåve når det kjem til å konkret beskrive metodane, analysane og framgangsmåtane som er nytta gjennom forskinga (Kvale & Brinkmann, 2022, s. 275-276). I tillegg har eg nytta meg av Braun og Clarke og deskriptiv analyse som er med å stiller større truverdighet i studien.

Min erfaring som forskar og den erfaringa eg har som både observatør og i intervjurolla vil kunne vere med å påverke truverdigheta i studien. Eg har gjennom transkripsjon presentert at eg har vorte tryggare. Samt ved hjelp av råd i frå min rettleiar som sitt på meire kunnskap og erfaring. Og litteratur som eg har støtta meg på, meiner eg at studien og funna er gjennomført på ein påliteleg måte. Når ein ser på utarbeidinga og gjennomføring av både observasjon og intervju vert dette gjort itråd med rettleiar sine tips, metodelitteratur og eigne refleksjonar. Spesielt i utarbeidinga med intervjuguiden var det viktig å ikkje leggje opp til ledande spørsmål, men spørsmål der informantane kunne prate fritt. Gjennom intervju vert det nytta diktafon der eg hadde ein oppleving av at dette fungerte godt der eg møtte informantane fysisk og hadde intervjuet på eit møterom. Intervjuet som vert gjennomført over nettet merka eg at det var nokre ord som vart borte, dette kan jo ha sin bakgrunn i nettverk eller feil må utstyr. Eit anna punkt som eg trekkje fram som kritikkverdig her er pilotintervju via nettet. Dette hadde eg ikkje og det vert dermed verken testa kvalitet på lyd eller utstyr. Eg hadde kunn ein diktafon då intervju vert gjort, noko som også ein kan stille eit kritisk spørsmål til. Ved og kunne skape enda tydlegare og betre kvalitet på lyden.

I forhold til observasjonane kan ein også stille spørsmål med tanke på forskningseffekten. Med bakgrunn i at skulen var kjent var det lett å kome inn i fellesskapet. Det verka ikkje som at det var noko dei skjulte med tanke på å framstille ei anna oppfatning, enn det som eigentleg var relevant (Dallan, 2021, s. 125). Det at lærarane verka for å vere som dei alltid var stiller også

større troverdigheit i min studie. Her med bakgrunn i at det ikkje var sider som vert forsøkt gjømt. Dette var også kroppsøvingslæraren klare på gjennom prosessen.

Eit siste punkt som ein kan trekkje fram som kritikkverdig er dette med å være einsleg forskar. Som Thagaard (2018) legg fram vil ein styrke sin studie ved å nytte fleire forskarar. Her både gjennom å diskutere og evaluere det som vert funne og gjort. Eg har nytta rettleiaren min som sitt på både meire kunnskap og erfaringar. Men hadde det vore moglegheit å jobba saman med andre kunne det vore med å skapt enda større troverdigheit til studien (s. 188).

## 6.2 Validitet

Ser ein på validiteten innanfor kvalitativ forskning omhandlar dette kvaliteten i dei resultata forskaren har kome fram til. Samt ei vurdering av dei tolkingane forskaren har gjort i forhold til om det er gyldigheit i dei (Thagaard, 2018, s. 189). For at validiteten i ein forskingsstudie skal være god, er det viktig at forskaren har ein god og utfyllande beskrivelse av metodane som er nytta. Eit anna viktig punkt er at forskaren gjev ei forståing til den kritiske lesaren. I tillegg til at analysa som er gjort av datamaterialet gjev eit grunnlag for dei tolkingane og konklusjonane ein er komet fram til (Thagaard, 2018, s. 189). Faktorar som er med å påverke tolkingane i ein studie er forskarens posisjon i miljøet som blir studert. Det er med det viktig å gje ein beskriving til lesaren og gjev den moglegheit til å vurdere korleis forskarens ståstad kan ha vore påverkande på tolkingane som kjem fram i resultatet (Thagaard, 2018, s. 190). Validitet er delt i to begrep, dette er intern- og ekstern validitet. Intern validitet sett fokus på om det er noko samanheng med det som blir observert/kjem ut av intervjuet og det teoretiske perspektivet. Mens ekstern validitet omhandlar dette med overførbarheit som vil seie om seinare forskning kan ha nytte av den studien som er gjort (Bryman, 2012, s. 383-385).

### 6.2.1 Intern validitet

Med tanke på den interne validiteten innanfor ein forskingsstudie heng dette tett saman med korleis analysearbeidet er gjennomført. Gjennom studien og analysearbeidet er det nytta analyse ei deskriptiv metode for å analysere observasjon og ei tematisk analyse av Braun og Clarke (2022, s. 5). Det er forsøkt gjennom denne analyseprosessen å lagt til rette for at lesaren sjølv kan bedømme kvaliteten i forskingsprosjektet.



I denne studien var målet å undersøkje korleis kroppsøvingslærarar kommuniserte med jenter i kroppsøvingsundervisning. For å skape størst mogleg innblikk og forståing, har eg nytta ei metodetriangulering. Gjennom analyseprosessen av observasjon har eg fleire gonger gått gjennom observasjonsanalysen i tillegg til at lydfilene ifrå intervjuet har vore gjennomgått fleire gonger. Dette for å samanlikne desse med dei tema som er utarbeidd og legg grunnlaget for resultatane. Ved å nytte ei metodetriangulering meiner eg å ha presentert kroppsøvingslærarars kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøvingsundervisning på ein hensiktsmessig og komplett måte. For å skape enda meire truverdigheit og soliditet i studien skal resultatane sjåast opp imot dei teoretiske rammeverka Aristoteles sin kommunikasjon teori og Goffman sin rolleteori. Som igjen skal føre til at lesaren kan sjå ein tydeleg samanheng mellom analyse som er gjort samt teorien.

Gjennom det å ta nytte av ein metodetriangulering meiner eg å ha styrka den interne validiteten i min studie, dette med bakgrunn i Bryman (2016) og hans syn på at triangulering. Her ved å skape ein større forståing av det som blir studert (s. 385-386). Eg valde å nytte ei slik metodetriangulering fordi mitt problemområdet var lagt opp slik at både det å observere og intervjuet var relevant. Når eg da samanliknar datamateriale ifrå dei to metodane som er gjort av same fenomen og eg kjem fram til same resultat ut i frå begge metodane er det med å sikre ein god og gyldig validitet i studien.

### 6.2.2 Ekstern validitet

Innanfor kvalitative studiar er det fortolkingane som er med å gjev grunnlaget for den eksterne validiteten. I tillegg er det, ifølgje Bryman (2016) ikkje alltid at kvalitativ forskning er mogleg å generalisere. Dette gjennom at det ofte er forskning av eit mindre utval og resultatane som kjem fram, blir ofte sett opp imot eigenskapane til fenomenet (s. 384). For at ein kvalitativ studie skal være generaliserbar, er det dermed viktig å leggje vekt på gode beskrivingar av metode, analyse og dei vala ein har teke i prosessen. Gjennom dette vil det være lettare for andre å trekkje funna som er gjort i denne studien, ut til andre miljø (Bryman, 2016, s. 384-385). Med bakgrunn i dette er det prøvd å lagt opp til gode grunngevingar og fyldige beskrivingar i forhold til prosessen som er gjort med utarbeidinga av data og analyse av datamaterialet.

Eit anna punkt som er med å vurder studiens overføringsevne, er utvalet som er nytta. Mitt utval omhandla ei gruppe av ulikt kjønn og der alle informantane var i ulik alder. Dei hadde ein ulik utdanningsbakgrunn og ulik erfaring som kroppsøvlingslærar. Som Kvale og Brinkmann (2015) legg vekt på er det mogleg for andre personar som held til i tilsvarande situasjonar å kunne undersøkje andre aspektar rundt problemområdet (s. 291-292). Ut ifrå at det i denne studien tek for seg jenter, kan eit eksempel være å undersøkje gutane opp imot same problemområdet. Vidare studiar opp imot forsingsområdet er avhengig av at denne studiens resultat kan nyttast som ein peikepinn på korleis det kan utarte seg i andre liknande situasjonar.

Gjennom resultata i denne studien meiner eg at det er nokre vesentlege karakteristiske trekk ved kroppsøvlingslærarens kommunikasjon ovanfor jenter, som vil kunne være generaliserbare for andre forskarar. Lærarens forståelse av kommunikasjon verkar å ha fleire likheitstrekk. Men samtidig individuelle trekk der kvar lærar har sine metodar å kommunisere på. Opp mot dette meiner eg at studien har ein generaliseringsverdi gjennom ein analytisk og teoretisk generalisering. Sjølv om eg som forskar sitt med ein forståelse av at denne studien er generiserbar bør det forskast meire på feltet opp imot andre ulike teoretiske grunnlag, samt ved å nytte ulike metodar.

## 7 Resultat

Gjennom dette kapittelet skal eg leggje frem dei funna som er gjort gjennom studien. Fyrst vil eg leggje frem lærarens forståing av kva kommunikasjon og dette opp imot både verbal og non-verbal kommunikasjon. I tråd med tabell 4 vil eg legge frem ulike kommunikative handlingar som læraren gjennomførte ovanfor jenter i kroppsvingsundervisning. I tillegg til å underbygge dette med det som informantane la vekt på gjennom intervju. Vidare i resultatkapittelet, kjem eg inn på rolla som læraren hadde og korleis dette påverka relasjon og undervisning opp imot jenter. Avslutningsvis vil det i denne delen bli reflektert i forhold til kroppsvingsfaget og om det har vore endringar. Samt reflektere rundt kroppsvingsfaget og om det har vore endringar, og om det er på veg til det betre. Når det kjem til kroppsvingslærarens kommunikasjon ovanfor jenter i faget.

### 7.1 Lærarens forståing av kva kommunikasjon er

Gjennom å analysere innsamla data både i frå intervju og observasjon, gjorde eg funn ved lærarens forståing av kommunikasjon ovanfor jenter og gutter i kroppsving. Ved å studere nærmare korleis lærarens syn på kommunikasjon ovanfor kjønn var, kom det frem at alle lærarane hadde ei formeining om at kommunikasjon innebar både det verbale, men også kroppsspråket. Dei hadde derimot ikkje tenkt så mykje over korleis dei nytta det. Lærarane påpeika at dei viste at kommunikasjon var eit middel for å transportere eit budskap, men hadde ikkje tenkt meire over korleis dei nytta det. Samt at det også vert lagt frem at dei synes det kunne være vanskeleg å grunngje alle dei vala som ein kroppsvingslærer tok i forhold til kommunikasjon. Ved spørsmål om kva kommunikasjon var, svara Thomas at det i all hovudsak omhandlar det å prate med andre menneske. Dette definera han som den enklaste biten gjennom det å nytte det verbale språket, altså stemma. Vidare fylgjer han opp med at kroppsspråk også er sentralt i kommunikasjon, men at dette kan være ein meire krevjande del ved at kroppsspråket kan være lettare å misforstå, enn det verbale. Dette ser ein gjennom observasjonane der alle lærarane er i kontakt med elevane og har ein dialog både gjennom det verbale, men også det non-verbale.

Gjennom spørsmål stilt til lærarane rundt kva dei la i kommunikasjon, var det både likskap, men også ulikskap. Spesielt likskap kom frem då Hanne og Kirsti i kvart sitt intervju fekk spørsmålet om kva dei la i kommunikasjon og korleis dei oppfatta det. Det som kom frem som felles for begge gjennom svara deira, var at relasjonar hadde stor betydning for

kommunikasjon. Hanne svarar for alle når ho seier at dei har mange elevar og med kvar enkelt skal dei ha ein god kommunikasjon. Men også at dei skal ha ein relasjon med alle elevane. Hanne påpeikar også sjølv at ho har rundt 220 elevar og skal kunne nå alle både med tanke på kommunikasjon og relasjon. Som Thomas la til i sitt svar, var også kroppsspråket ein del av kommunikasjon. Dette støttar også dei andre lærarane seg til der dei presisera at kroppsspråket er viktig og spesielt i kroppssøving, der ein nyttar kroppen både i og gjennom læring.

Også Fredrik var klar på at kroppsspråket er viktig for kroppssøving. Men når han fekk spørsmål om kva han legg i kommunikasjon, kom det til svar at det fyrste han tenkte på var det å treffe alle elevane med ein eller annan form for kommunikasjon. Vidare svarar Fredrik at som kroppssøvlingslærer er det lettare å få god kommunikasjon med dei elevane som ein kan spegle seg i. Dette beskriv han gjennom at han sjølv er interessert i fotball og er det andre elevar som også er interessert i fotball, føler han det er lettare å skape god kommunikasjon med desse elevane. Dette kan ofte signaliserast gjennom at ein elev har ei fotballtrøye på seg i kroppssøvlingsundervisning. Dette synspunktet støtta også Thomas gjennom at han også synes det var lettare å skape kommunikasjon med elevar som ein kan spegle seg sjølv i. Her presisera han det gjennom eit eksempel ifrå det daglege liv. «Om det er elevar som driv med fotball og ein sjølv er fotballtrenar, er slike elevar lettare å kommunisere med». Fredrik underbyggjer dette synspunktet med eit viktig poeng i forhold til dei elevane som ikkje spel fotball:

*«Men det som blir viktig da med kommunikasjon er det at du som kroppssøvlingslærer klarer å møte alle dei andre elevane. Som ein ikkje nødvendigvis speglar seg i, på same måte».*

Fredrik presisera vidare at det er viktig å skape god kommunikasjon med elevane for så at dei skal kunne føle både på motivasjon og trygghet i faget. Her legg han også frem at læraren har eit samfunnsoppdrag gjennom det å på best mogleg måte leggje til rette for at alle elevar skal kunne sitte med følelsen av at kroppssøving er eit fag dei beherskar og at det å røre på seg er positivt med tanke på helsa og kroppen.

Det blir også presisert at det er viktig å leggje opp til god kommunikasjon uansett kjønn. Her med bakgrunn i at det ovanfor jenter og gutter oppstår ulik kommunikasjon ifrå lærarens side. Fleire av informantane legg vekt på at det i fleire tilfelle kan være utfordrande å kommunisere med jenter i den vidaregåande skulen. Som vidare blir grunngeve av lærarane med at relasjon og tryggheta ikkje er tilstrekkeleg god nok. Hanne definera dette med viktigheita av relasjon opp imot kommunikasjon gjennom:

*«Ein har jo klassar der ein kjenner at ein går inn med meire energi, kanskje litt ubevisst. At det er elevar som ein har god relasjon til og ein betre kommunikasjon med. Også har ein klassar der ein strevar litt meire, der ein ikkje får den relasjon. Ein får ikkje ting til å flyte og ein føler at kommunikasjon går litt trått. Dette kan være klassar ein kan være ueinig rundt, når det kjem til vurdering. Da opplev ein at det er dårleg kommunikasjon med elevane gjennom å ikkje ha ein tilstrekkeleg god relasjon».*

Kirsti reflektera også rundt dette gjennom intervjuet og påpeikar at ein må nytte kommunikasjon så enkelt og tydeleg som mogleg, slik at eleven forstår kva læraren ynskjer å formidle. Det blir også lagt til at ein må ta omsyn til alle dei ulike personane og deira bakgrunn, samt behova som elevane har. Spesielt påpeikar Kirsti at det med tanke på jenter i den vidaregåande skulen, kan være i ein sårbar alder, men ho legg også vekt på at det ikkje er berre jentene ein må leggje til rette for. Fordi det også i dagens samfunn og dagens kroppøving ikkje berre er jenter som kan ha det vanskeleg å være i sårbare situasjonar, Kirsti er klar på at det like gjerne kan være gutar som er i ein sårbar situasjon.

Thomas legg også vekt på viktigheita av trygghet i kroppøving i forhold til at det ikkje er alle elevane som er glad i faget. For han er det viktig med klare linjer, men at elevane skal ha rom for å feile, prøve ut og ikkje minst det å tørre å kontakte kroppøvlingslæraren om det er noko eleven ynskjer å prate om.

Ut ifrå læraranes refleksjonar rundt kva kommunikasjon er, kjem det altså frem både dette med verbal kommunikasjon, non-verbal kommunikasjon og dette med at relasjonar, er svært viktig for kommunikasjon. Dette ser ein tydeleg gjennom observasjonane som vert gjennomført der lærarane nytta både språket og kroppsspråket. Alle lærarane tok kontakt med elevane og gjennom å ta kontakt såg ein at relasjonsbygging stod sentralt. Både med tanke på

det at elevane skulle føle på trygghet og motivasjon ovanfor det som skulle gjerast. Med tanke på relasjonar var det gjennomgåande sjå fleire av informantane at dei synes det var lettare å skape gode relasjonar med elevane som både tok kontakt og kom forberedt til timen, samt med elevar læraren kunne spegle seg i. I tillegg vert det også fremma at det var ein naturleg årsak til at kommunikasjon gjekk lettare med desse elevane som var forberedt og hadde gode haldningar til faget. Her, fordi dette var elevar som hadde stor trivsel i faget og med det har ein større trygghet enn dei som ikkje er så glad i kroppsøving.

I frå alle kroppsøvlingslærarane blir det også presisert dette med viktigheita i å kommunisere med alle og ikkje berre dei elevane som kjem tidleg og er interessert i faget. Hanne presenterer eit eksempel med gutedominerte klassar og jentedominerte klassar. Er det ei klasse der det er mykje gutar så vel ho sjølv å ikkje prate så mykje om det som skal gjerast og kvifor dei gjer det. Der legg ho vekt på å seie det som er avgjerande for elevane og så kome i gang med aktivitet. Så heller i slutten av økta prate meire om kvifor dei har gjort det dei har gjort og får gutane med i ein kommunikasjon da. Er det jentedominerte klassar tek ho seg betre tid i oppstarten av økta og presenterer kva dei skal gjere og kvifor. Dette grunnjev ho med at store delar av jentene har behov for informasjon rundt alt for å føle på sikkerheit og trygghet. Måten Hanne presenterer dette i intervjuet på ser ein parallellar i gjennom økta som vart observert av Kirsti. Der dei vert delt i mindre grupper og der det var fleire gutar på gruppa, starta dei med å ta ut utstyr, mens der det var fleire jenter, venta dei til læraren kom og ga dei instruksjonar på kva dei skulle finne.

Gjennom observasjonane såg ein at lærarane, spesielt dei to kvinnelege var oppteke av å skape relasjonar. Dette kom frem gjennom tydeleg kommunikasjon ved å gå bort til elevane å prate, samt at dei nytta kroppsspråket. I observasjon av Hanne der det var utholdande styrke, var jentene svært framtrødande og med i gruppa. Dette vert bekrefta av Hanne gjennom intervjuet, at desse jentene var godt inkludert, men at ein hadde sett enda større forskjell om det hadde vore samarbeid eller lag spel som aktivitet. Også i observasjon til Kirsti var det gjennomgåande god aktivitet. Forskjell her var at ein såg spesielt nokre jenter som trekte seg unna og læraren var borte og prata. Kirsti fekk her med seg elevane og ufarleggjorde det som var på programmet, gjennom å gje jentene alternativ gjennom hinderløypa. Også i observasjon av dei mannlege lærarane såg ein gode kommunikasjonsmetodar og relasjonsbygging. Det som skil desse ifrå dei kvinnelege lærarane er dette med at dei

kvinnelege verkar meire mottakelege for å prate lengre og meire omfattande med elevar som treng det. Mens dei mannlege var meire på det å få avklart problemet og dermed prøve å være med å sjå korleis det går.

Mine funn viser at kroppsøvlingslærarane ikkje var heilt sikre når det kom til dette med kommunikasjon. Men gjennom intervju kom det frem at dei hadde ein eller annan inngang i forhold til metodane kommunikasjon kunne skje på. Eg såg det også gjennom observasjon at dei hadde gode metodar å nytte kommunikasjon på. Samt måtar å jobbe på for å skape relasjonar med elevane sine. Dette blir lagt frem som ein viktig del av det å skape gode kommunikative handlingar med eleven. Vidare ser ein gjennom observasjonane at det er gjennomgåande lik kommunikasjon ifrå lærar til lærar, men ein kan sjå ulikehitar når det kjem til måtar å kommunisere med jenter på.

Igjennom intervju som er gjennomfør presenterte alle lærarane at dei hadde litt kjennskap til kva kommunikasjon var og kva metodar det innebar. Men dei ytra meining om at dei ikkje hadde tenkt gjennom korleis dei utført det i praksis. I observasjonane som vert gjennomført såg eg at alle lærarane hadde gode måtar å kommunisere på og hensiktsmessige måtar dei nytta for å kommunisere ovanfor jenter. Ein ser her at det i intervjuet var meire usikkerheit i korleis dei nytta kommunikasjon, mens gjennom observasjon såg ein at dei hadde gode måtar å gjennomføre det på. Det vises her altså at observasjon styrker det lærarane sa gjennom intervjuet og gav meg som forskar eit godt grunnlag for å kunne forske på tema. Grunnen til at det er slik, kan kanskje være usikkerheit i forhold til at kommunikasjon er eit stort og kompleks omgrep. I tillegg til at det å svare på spørsmål ofte kan være meire krevjande enn det å gjere handlinga i praksis.

## 7.2 Kommunikative handlingar i kroppsøvlingsundervisning

I den vidare analyse av datamaterialet var det spennande å sjå på korleis dei ulike informantane kommuniserte, gjennom øktane som vert observert. Her viste det seg både å være ein del fellestrekk, men også nokre forskjellar. I forhold til fellestrekk, som i denne delen blir presentert, kan dette ha ein samanheng med korleis dei jobbar. Ved den skulen er det eit tett team-arbeid innanfor dei som er kroppsøvlingslærarar. Dei jobbar saman for å trekkje i same retning og med det lære av kvarandre.

I dei fire observasjonane kan ein sjå likheitstrekk sjå alle når det kjem til dette med oppstart av øktane. Observasjon som er gjort av økta til Kirsti, der dei skulle bruke hinderløype for å trene uthaldenheitstrening, såg ein frå start at det var ein fin og roleg igangsettelse frå lærarens side. Læraren samla elevane i ein ring der det vert gjennomført opprop etterfulgt av at læraren informerte om kva dei skulle gjere. Allereie her trekkjer læraren inn elevane og fortel at dei skal jobbe med intervall og med det spør om dei kan tenkje seg kva målet for økta er. Vidare legg læraren vekt på innsats og spør igjen elevane kva det er. Her er elevane påkobla frå start og er med og svarar når læraren spør. Læraren presiserar i intervjuet at det for ho er viktig å samle elevane slik at ho slepp å stå å skrike til dei. Dette begrunnar ho med at det er lettare å skape kommunikasjon til elevane, kontra når dei er spredt og ikkje alle får med seg det som blir sagt. Kirsti understreker også gjennom intervjuet viktigheita av å nå ut til alle elevane, dette gjennom sitatet:

*«Vi har store grupper i kroppsøving og vi ser dei svært skjeldan. Så det er klart det blir mykje kommunikasjon mot alle. Eg har sett at eg kan prate mykje meire med enkeltelevar, men det er ikkje alltid tida strekk til. Eg prøvar jo gjennom ei økt å sjå alle, men det er ganske krevjande gjennom kvar einaste time. Det er for meg dermed viktig å skape samhald og god kommunikasjon ut til alle slik at dei gjennom det også kan føle på trygghet og motivasjon.»*

Både gjennom oppstartsfasen og vidare gjennom økta hadde Kirsti ein god kommunikasjon til elevane sine. Dette både gjennom å nytte det verbale, altså språket det å prate til elevane. I tillegg til å bekrefte det som blir sagt gjennom bruk av kroppen og kroppsspråket.

Her ser ein likheitstrekk opp imot observasjon som vert gjort av Hanne. Her startar økta med at læraren samlar elevane også i ein sirkel for å fortelja kva som skal foregå. I den økta skal dei ha utholdande styrke og dei skal jobbe individuelt på kvar sin matte. Også her presiserer læraren at uthaldenheitstrening har dei vore inno for, men spør elevane kva det er. Gjennom oppvarminga i denne økta som er evigheitsstikkball har jentene ein tendens til å trekkje seg inn mot kanten. Dette er også noko som Hanne påpeikar i intervjuet. Der jentene er godt inkludert i gruppa og jobbar godt når det er individuelt arbeid, men når det er samarbeid eller aktivitet der alle skal jobbe mot kvarandre, blir dei meire diffuse. Hanne har også eit godt verbalt språk som elevane heng godt med på, samt at også ho er flink til å bekrefte med kroppsspråket.



Også gjennom den tredje observasjon som vert gjennomført ser ein likheitstrekk ifrå desse to tidlegare. Dette var økta som Fredrik hadde der dei skulle jobbe med styrke saman to og to. Læraren samlar også her elevane i ein sirkel og fortel kva som skal skje og måla for økta blir presentert før dei startar med oppvarming. I denne klassen merkar ein at jentene samlar seg i ei gruppe og gutane i ei anna gruppe. Dette også gjennom oppvarming der dei skal jogge i sirkel ei runde og så skal ein elev finne på ein øving før det er ny jogge runde. Her spør læraren jentene om dei kan finne på øvingar, men det er kun nokre som vil gjere dette. Ein merkar det her at jentene er litt usikre på kva dei skal gjere eller finne på.

Kommunikasjonsmessig har Fredrik ein god og humorfylt tone å prate til elevane på. Elevane er med på det som blir sagt og læraren nyttar også kroppsspråk, men dette kjem tydlegare frem gjennom hovuddelen av økta. Den siste observasjon var det Thomas som hadde og dei skulle der ha ein form for aktiviteten «capture the flag» der det skulle være to lag. Denne observasjon var noko ulik frå dei andre, men starta på same måte med samling, presentasjon av mål og kva dei skulle gjere. Men her fekk elevane beskjed om å ta ut utstyr, men ingenting skjedde. Her gjentok læraren kva dei skulle gjere og med det sette elevane igang. Dette kan også ha bakgrunn i det at Thomas var assistent i den økta. Læraren her er også tydleg og har klare linjar på det som blir sagt. Dette begrunnar han også i intervjuet der han ynskjer å ha klare linjar, men ikkje være kontrollerande og streng. Denne observasjon skil seg ut i forhold til jenter i kroppsoving. I denne økta var det jentene som dominerte og hadde ikke vanskeleg for å ta ordet.

Gjennomgåande i oppstarten av alle øktane som er observert, har alle lærarane ein god måte å kommunisere med elevane på. I denne seansen er det hovudsakleg kommunikasjon til større gruppar, men ein ser at gutane har ein tendens til å ta ordet når det kjem spørsmål ifrå læraren. Dette er noko som Kirsti påpeikar gjennom sitt intervju, forholdet til korleis jenter og gutter kommuniserer til læraren:

*«Det varierer jo ein del ifrå klasse til klasse med tanke på personlegheit og slik. Men gutane er nok meire direkte i kommunikasjon enn jenter. Mykje meire ærlege. Er det kjedeleg, så seier dei det. Dei er kanskje meire åpne og uredde da. Jentene er nok meire slik at det kviskast og tiskasr seg imellom. Og det kjem kanskje ikkje like tydleg frem kva dei vil og meiner»*

Dette sitatet kan ein sjå opp imot alle øktane. Men ein ser spesielt i økta til Thomas at jentene har ei trygg rolle og ikkje fins redde for å ta ordet. Dette viser seg allereie istarten av økta. Gjennom dei andre er det stort sett gutane som svarar læraren, men ein ser også at jentene er på banen. Her med ein rolegare haldning og ikkje så frempå som gutane. Vidare inn i hovuddelen blir det meire forskjell i forhold til måte å kommunisere på og korleis læraren forhold seg til jenter.

Hovuddelen i økta til Kirsti omhandla at dei skulle springe intervallar gjennom ei hinderløype. Gjennom økta stilte gutane meire spørsmål, mens jentene var meire attendetrukket og bekrefta det læraren hadde sagt, gjennom forsiktig nikking. Dette bekreftar også det Kirsti la frem i intervjuet og som er presenter i forrige sitat. Dei vert delt i to lag og her var læraren svært nøye på å gå bort til elevane for å forsikre seg om at dei hadde fått med seg inndelinga. Då den eine gruppa jobba var Kirsti flink til å kommunisere til alle elevar, men spesielt til nokre jenter som var litt usikre på løypa. Her var kommentarar som, «godt jobba», «stå på», brukt for å skape trygghet. I tillegg var læraren flink til å være rundt elevane og justere løypa ettersom det kunne være vanskeleg. Kirsti hadde også eit engasjert kroppsspråk når elevane gjennomførte og hadde stor interesse i å fylgje med på korleis dei kjente det på kroppen. Dette kom frem da det var pause på den eine gruppa. Då var læraren borte og prata med ein jentegjeng og kommuniserte i forhold til korleis dei kjente det. Jentene svara og bekrefta det læraren sa gjennom nikking. Det skal seiast at læraren fleire gonger også var borte ved gitar å spurte. Men spesielt når jentene vert spurt i mindre grupper så svara omtrent alle, mens i plenum var det ikkje så mange av jentene som sa noko. Ein såg dette gjennomgåande at då elevane vert delt i mindre grupper for å sette ut utstyr så var det fleire av jentene som tok kontakt med læraren, mens gutane var meire rett på og ville kome i gang med aktivitet. Dette er også noko som Kirsti trekkjer frem i intervjuet og presiserar at ho har ein følelse av at det er lettare for jentene å kommunisere til henne når dei er i mindre grupper. Dette både med tanke på at dei er meire trygge da og ho meiner kanskje det har med redsel for å feile å gjere. Terskelen er større for å ta ordet å spørje i mindre grupper, enn det er i plenum der alle høyrer og ser deg.

Opp mot dette med jentene og kor mykje dei kommuniserar med læraren i plenum eller i mindre grupper, kan ein sjå på økta og hovuddelen til Thomas der dei hadde ein form for «capture the flag». Dette var ei klasse der det var omtrent like mange jenter som gutter. Og til forskjell ifrå dei andre øktane, var dette ei økt der jentene i klassen dominerte og hadde ordet

mesteparten av tida. Både då dei var samla heile gruppa, men også når det var delt i mindre grupper. Læraren i denne økta hadde ein god kommunikasjon og dette spesielt med jentene. Dette begrunna han gjennom intervjuet då han hadde haft desse jentene i ei klasse før og hadde ein viss kjennskap til dei. Det verkar her som at læraren hadde ein tydeligare og bedre kommunikasjon i relasjon til jentene enn til gutane. Dette vert observert gjennom at læraren gjentatte gonger henvenda seg fleire gonger til jentene kontra gutane. Dette vert også bekrefta gjennom intervjuet med bakgrunn i at det var jentene mot gutane. Gutane vann i starten og læraren valde dermed å henvende seg til jentene for å halde motivasjon oppe, samt gje dei attendemelding. Då dette vert gjort fleire gonger enda det opp med at læraren henvenda seg til gutane, for spelet hadde snudd. Den kommunikasjon som foregjeikk omhandla mykje korleis dei kunne gjere det for å skape betre samarbeid, i tillegg til det å byggje opp kvarandre og ikkje trekkje ned. Læraren nytta kommunikasjon med ein humoristisk måte og jentene bekrefta og forsto gjennom både spørsmål attende til læraren og nikking som bekreftelse på forståelse. Også i intervjuet bekrefta Thomas at dette er ein jentegjeng som han har kjennskap til i frå før og påpeikar at det er ein del jenter med bein i nasen og ikkje er redd for å seie ifrå. Dette gjorde det også lett for han å ha ein slik kommunikasjon i forhold til at han har klare linjar, noko som jentene hadde behov for gjennom faget. Med tanke på at det var jentene mot gutene, presiserte Thomas gjennom intervjuet eit viktig poeng i forhold lærar-elev og elev-elev relasjon:

*«Lærar-elev relasjon spel ei stor rolle, men ein ser jo også at elevane seg i mellom kommuniserar og det er jo viktig at dei også har ein god relasjon til kvarandre. Men igjen er det viktig å tenkje over det som lærar at ein ikkje heng ut nokon. Opp mot den gruppa som vert observert så ynskjer elevane jentene mot gutane.»*

Då elevane var i aktivitet valde læraren å gå opp på tribuna og nytta frå der mikrofon når det skulle gjevast beskjed. Grunnen til at tribuna vert nytta var med bakgrunn i at han hadde betre oversikt og presiserte at han lettare kunne gje attendemeldingar til elevane då dei heldt på med aktiviteten. Gjennom heile økta hadde læraren ein klar kommunikasjon, men ein såg det her at det var ei klasse med stor sjølvstikkerheit og kommunikasjon foregjeikk kun enten til heile gruppa eller til dei to gruppene dei var delt inn i. Så i denne økta hadde læraren ein generell kommunikasjon til klassen, men ut ifrå mine observasjonar hadde læraren ein meire kompleks og god kommunikasjon hovudsakleg gjennom det verbale med jentene kontra gutene.

Med tanke på det verbale har det også ein samanheng med økta som vert observert av Fredrik. Dette var ei økt der dei skulle jobbe med styrkeøvingar i par og skulle ha fokus på arbeidsinnsats og respekt ovanfor partneren. Elevane fekk beskjed om å gå saman med nokon som dei var omtrent like sterke som. Dette begrunna læraren gjennom intervjuet med at det hadde vore annleis om det hadde vore nokre andre med i klassa. Han la til rette for dette med tanke på at han kjende gruppa og hadde kompetanse om at det gjekk greit. Her såg ein fort at jentene gjekk saman og gutane gjekk saman. Det var ei jente som fekk beskjed om å være med ein gut og dette såg ein at jenta ikkje var heilt komfortabel med. Men ettersom det kom ein gut til, så vert det reine jente- og gutepar. Læraren begrunnar også dette gjennom intervjuet at det er ei tydelig kjønnsdelt klasse. Gjennom observasjon hadde læraren ein god verbal kommunikasjon med elevane og her ivaretok han både jentene og gutane. I tillegg til det verbale har også denne læraren ein god kroppsleg utstråling som verkar positivt inn på elevane. Samt at det blir nytta humor gjennom undervisning. Dette er noko som Fredrik sett ljøs på gjennom intervjuet. Då han fekk spørsmål om det var bevist at han nytta humor i undervisning:

*«Ja, det er det. Men det er også litt av grunnen om ein ser attende på før ein var nyutdanna i forhold til at ein merka jo det gjennom praksis kvar ein trivst best. Og oppdaga tidleg at humor nokre gonger kan være vanskeleg å bruke på grunnskule der ein må være tydelegare og kanskje tryggare som type, mens på vidaregåande så kan ein nytte meire humor som verkemiddel fordi det blir meire forstått og akseptert der».*

Måten Fredrik kommuniserte på gjekk ut til alle elevane og var mykje generelt. Det er som han grunnlegg gjennom intervjuet, at det er ei økt der det blir mykje kommunikasjon ut til alle elevane.

Ved den siste observasjon som er gjort av Hanne er det noko som skil seg litt ut ifrå dei andre med tanke på måte å kommunisere på. Dette var ei økt der dei skulle ha utholdande styrke og elevane skulle jobbe kvar for seg på matter i ein stor sirkel. Læraren hadde eit stort engasjement når det kom til det å være med å vise øvingane og forklarte godt korleis det skulle utførast. Gjennom økta var læraren borte ved dei fleste elevane og hadde ein form for attendemelding. Det er her det som er annleis kjem inn. For Hanne nytta mykje meire kroppsspråket til å kommunisere med elevane på. Ein såg at det å kome med kommentarar som «godt jobba» eller «stå på» vert også kommunisert ved at læraren var med å gjorde

øvingane med elevane og ikkje sa noko verbalt, men viste det med kroppen. Ovanfor jentene i den timen var læraren flink til å gå bort å komme med attendemelding som «nå jobbar dykk godt». Dette begrunna Hanne gjennom intervjuet med at, for desse jentene som læraren hadde kjennskap til var dette nok, at dei fekk bekrefta at dei jobba bra. Jentene hadde også kommunikasjon ovanfor læraren med nikk og attendemelding om det var spørsmål. I denne økta var det også med ein lærar som var med å hjalp til om det var øvingar som måtte endrast for elevar eller andre problemer.

Avslutningsvis i alle observasjonane vert det gjennomført ei tøyeseanse sjå fleire av informantane der elevane fekk være med å påverke kva øvingar dei skulle gjere. Gjennom avslutninga hadde alle lærarane ein god kommunikasjon i form av å oppsummere å få med alle elevane på avslutninga. Her vert det også nytta i hovudsak det verbale språket, men alle nytta også kroppsspråket for å vise engasjement og forsterke det dei ynskje å få frem.

Gjennom alle desse observasjonane ser ein at det er ulikt korleis lærarane forhold seg til elevane. Men jamt over alle har ein god kommunikasjon ovanfor jentene og behandlar dei på lik linje som med gutane. Nokre av informantane er meire tydleg på dette med bruk av kroppsspråk, mens andre legg meire vekt på det verbale. Gjennom intervjuet var også dette noko som kom frem i forhold til at informantane ikkje tenkte så mykje over og som Hanne understreka:

*«Eg trur vi uttrykkjer mykje meire kommunikasjon med kroppsspråket enn det vi kanskje er klar over. Så vi burde kanskje vore filma og sett oss sjølv innimellom».*

### 7.3 Lærarens rolle opp imot jenter i kroppsoving

Opp imot lærarens kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsoving såg ein tydleg både gjennom observasjon og intervjuet at det kom fram eit vesentleg funn. Dette i forhold til å på best mogleg måte kunne kommunisere med alle elevar og spesielt elevar som er vanskelege å kome inn på. Eller som ikkje er så glad i kroppsoving. Dette omhandlar den rollen som læraren har og nyttar for å kunne skape god kommunikasjon med elevane og i dette tilfelle spesielt jentene.

Ved spørsmål om kva tankar lærarane hadde til rollen til ein kroppsovingslæra og kva den skulle innebære, var lærarne einige i svare sine. Hanne svare at ho som lærar i bunn og grunn

er eit førebilete for elevane sine og ynskjer gjerne å vise ei god rolle for å kunne skape gode forhold i klassen. Dette trekkjer også Fredrik fram i sitt svar og legg til at ein skal være ein lærar som legg til rette og motiverar elevane slik at det for eleven skal verke positivt å røre på seg. I tillegg til at det også kan være med å påverke helsa og kroppen og at elevane kan sjå at aktivitet er positivt og viktig for det seinare liv. Rolla som ein kroppsøvingslærar har, påpeikar alle har stor betydning for korleis ein oppnår kommunikasjon med elevane sine. Dei elevane som er meire frempå og glad i faget, er det også lettare å skape kommunikasjon med. Desse elevane tolkar rolla til ein kroppsøvingslærar som god og har poitivitet rundt det å være i aktivitet. For dei som ikkje er fult så glad i kroppsøving kan det for læraren være meire krevjande å kome inn og skape ei trygg rolle og ein god kommunikasjon med. Lærarane skal jo skape ei rolle der elevane føler seg trygge og kan trekkje det med seg seinare i livet. Hanne hadde ei god forklaring på kva rolla skal innebære:

*«Jobben vår er jo å førebu ungdommane på framtida og være eit mellomledd slik at dei opparbeider seg den kunnskapen dei treng for å ta vare på helsa si gjennom livet vidare».*

Som lærarane presiserar, er det med å skape ei trygg rolle vesentleg for å vidare kunne skape ein god kommunikasjon og ein kommunikasjon som alle kan være komfortabel med. Det blir også trukket frem gjennom intervjuet at det er viktig som lærar å vise den rolla ein eigentleg har og ikkje spele ei rolle som ein eigentleg ikkje er noko trygg i. Dette såg lærarane på som eksempelvis opp mot frå dei var nyutdanna og usikkre i sin rolle. Dei valde da å ha fokus på det som skulle presenterast og ikkje på korleis elevane vert påverka av det læraren gjorde eller sa. Her kan ein sjå på det som at læraren spelte ei rolle som dei ikkje var trygge i, men ovanfor elevane prøvde dei å vise størst mogleg sjølvsikkerheit. Hanne trekkjer frem dette med å ha ei økt der ein føler det gjekk kjempebra og at ein har haft god kommunikasjon med alle. Men det viser seg eigentleg at ein er så oppteke av å vise ei trygg side, at dei elevane som vil kommunisere med læraren, er også kun dei læraren ser. Dette var eit trekk som også Fredrik hadde kjennskap til då han var nyutdanna. Ein er så oppteke av alt rundt og dei elevane som kjem bort og vil prate at ein gløymer dei elevane som ikkje seier noko eller som stiller seg bakerst.

Det kjem også frem at rolla til ein kroppsøvngslærar har mykje å seie blandt anna for kjønn i forhold til ulike klassar. Når ein ser på dei kvinnlege lærarane som er observert er dei svært

oppteke av å skape ei rolle og kanskje spesielt til dei elevane som ikkje er så begeistra for kroppsoving. Dette bekreftar dei kvinnelege lærarane gjennom intervjuet. I tillegg til at Kirsti påpeikar at ho føler sjølv ho er god til å sjå dei som ikkje er så fremtredande i faget. Hanne legg også frem at ho er nok av den typen som tek seg tid til å prate ekstra med elevar som eksempelvis har ein dårleg dag. I forhold til jenter i slike situasjonar legg Hanne frem sitt synspunkt på sin rolle:

*«Eg trur ein ubevisst oppfører seg litt annleis ovanfor jenter kontra gutter. Nå er jo eg dame sjøl og kan også ha ein påverknad på elevane i forhold til at det kanskje verkar som ei trygghet, hvertfall ovanfor jentene. Kanskje går ein inn å veileidar jentene noko meire enn det ein gjer med gutane, men sjølv sagt hjelper ein dei også om det er behov»*

Ser ein på dei mannlege lærarane har også dei ei trygg og god rolle gjennom observasjon. Men kommunikasjon ut til elevane går mykje til heile gruppa, dette skyldast også aktiviteten. Som Thomas seier i intervjuet ynskjer han å bli flinkare til å ta den praten med elevar som ikkje har det så greit, eller har ei utfordring. Fredrik er også svært på dette med å ha ei trygg rolle til alle elevar, men meiner også sjølv at han beherskar det å prate med alle elevane, uansett tema eller problem. Men han påpeiker også at det kan være krevjande og ein har stadig noko å jobbe med.

Eit anna funn som er spennande opp imot kroppsovingslærarens rolle er dette med humor i undervisning. Gjennomgåande i alle observasjonane er humor nytta i stor grad. Her gjennom både det å le saman med elevane og skape humor gjennom undervisning. Dette påpeikar informantane også gjennom intervjuet at dei ikkje tenkjer så mykje over, men at det blir nytta på klassar der ein har kjennskap og trygghet til å gjere det. Som Fredrik fremmar så hadde ikkje han vald å nytte det eksempelvis på barneskulen, fordi det krev enda meire for at elevane skal forstå det. Med tanke på at dette er ein vidaregåande skule og elevane er såpass store og ein har skapt ei trygg rolle ovanfor dei, vel han å nytte det til sine elevar. Hanne er også på dette med at det er positivt å nytte humor i undervisning og at det gjer det lettare for elevane å være trygg på læraren. Det blir også fremma at det er avhengig av kva klasse ein har. Det blir blant anna trukket frem gjennom intervjuet at det ikkje er alle jenter som ein kan påverke med humor i forhold til forståelse og tolking. I tillegg til at det også i fleire tilfeller

krever meir av læraren for at ein kan nytte dette i undervisning i forhold til med gutane som er meir rett frem og seier det slik det er.

Gjennom alle dei fire observasjonane verka lærarane til stade og trygge i kroppsøvlingslærarrolla. Eit av dei gjennomgåande likheitstrekk i alle observasjonar var at økta starta med ein felles samling der læraren legg til rette for kommunikasjon og ser alle elevane. Her fekk to av lærarane, elevane til å settje seg heilt ned på rompa, mens dei to andre samla elevane rundt seg ståande. Vidare informerte alle lærarane om kva økta skulle innehalde og korleis dei skulle jobbe, her hovudsakleg gjennom det verbale, men bekrefta det med kroppen og viste engasjement. Også gjennom hovuddelen hadde lærarane ei trygg rolle og var meir oppteke av det å kommunisere med elevane i forhold til å vere opphengt i kva dei skulle presentere. Her merka ein på jentene i dei ulike klassane at dette verka positivt ved at dei vert sett og dei hadde ei trygghet ovanfor læraren.



## 8 Diskusjon

Denne studiens formål var å undersøkje korleis kroppsøvingslærare kommuniserar med jenter i faget kroppsøving, i den vidaregående skulen. Gjennom dette kapittelet vil eg trekkje frem funna frå studien og sjå desse opp imot kommunikasjons- og rolle teorien som i kapittel 4.1 og 4.3 er presentert. Samt sjå den tidlegare forskinga som er gjort rundt jenter og kroppsøving opp imot min studie. Fyrst vil det bli diskutert det som omhandlar lærarens forståelse av kommunikasjon og kva dette har å seie for kommunikasjon ovanfor jenter. Her med bakgrunn i om det er det mekaniske, sosiale eller det systematiske. Vidare vil det bli sett på lærarens kommunikasjon i praksis og korleis dette heng saman med teori og forskning før det avslutningsvis vil bli sett på og diskutert om kroppsøvingsfaget er på riktig retning i forhold til mi studie eller om det er endringar som må til.

Faget kroppsøving skil seg ut ifrå dei andre skulefaga ved at ein nyttar kroppen for å lære og det er kroppen som er fundamentet for læring (Kunnskapsdepartamentet, 2019, s. 2). Som i samfunnet og skulen ellers er kommunikasjon viktig også i kroppsøving. Kommunikasjon i kroppsøving har ein tydelig plass gjennom læreplan og er avgjerande for elevens læring (Kunnskapsdepartamentet, 2019, s. 3-4). Når det gjeld kommunikasjon i kroppsøving har i all hovudsak læraren eit stort ansvar med tanke på at det skal leggjast tilrette for læring til alle elevar. Kommunikasjon er omfattande og det kan oppstå utfordringar med tanke på både tilretteleggjing og gjennomføring ovanfor eleven. Her kan ein blandt anna trekkje inn kjønn som ein viktig faktor i forhold til det å kunne ta vare på og leggje til rette for kommunikasjon ovanfor alle. Trekkjer ein dette med kjønn inn kan ein sjå at det attende i tid har vore krevjande for jenter å kunne delta i kroppsøving (Angell, 2021, s. 263).

Faget kroppsøving skil seg som nemd ut ifrå dei andre faga med tanke på at kroppen er i fokus og det er ved hjelp av kroppen og det fysiske ein lærer. Det er eit fag som kan være krevjande både med tanke på dette med innsats som er meire framtrødande i fagfornyinga, men også at det kan by på utfordringar i forhold til kjønn (Kunnskapsdepartamentet, 2019, s. 2). Trekkjer ein dette med kjønn vidare kan ein sjå at det attende i tid har vore krevjande for jenter å kunne delta i kroppsøving (Angell, 2021, s. 263). Som lærar står ein ovanfor ulike val både med tanke på kva rolle ein har ovanfor elevane. Og korleis lærarens kommunikasjon blir lagt til rette både ovanfor jenter og gutar. Det at jenter er definert som meire attendetrøkket og at læraren kommuniserar meire og betre med gutane kan ha påverknad både med tanke på

læring og utvikling i faget som gjennom den overordna del er svært viktig

(Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 3). Tek ein eit blick på den tidlegare forskinga som er gjort så er funna i min studie retta noko annleis og står i strid med det som tidlegare har vorte forska på. Eg vil vidare i denne delen diskutere lærarens forståelse av kommunikasjon og kor samansett den er i forhold til ulike synspunkt. Vidare korleis det blir forstått og gjennomført i praksis. Kva er det som er samheng med tidlegare forskning og kva ikkje. Før eg til slutt vil sjå kroppsøvningsfaget og lærarens kommunikasjon opp mot fremgang som både lærarane la frem og som mine funn viser til.

### 8.1 Lærarenes forståing av kommunikasjon – kva synspunkt dominra?

Kroppsøvningslærarane som har delteke i min studie viser til å ha ei forståing av at kommunikasjon er relevant og viktig i faget. Dei har alle ei forståing av at kommunikasjon er noko som angjekk både det verbale og det non-verbale, og at det hadde stor betydning for undervisning. Eit punkt som det var litt usikkerheit rundt var dette med metodar innanfor kommunikasjon, men alle hadde det forholdet til kommunikasjon at det er eit middel for å transportere eit budskap og det innebar også kroppsspråk. Dette kan ein sjå i ljøs av Aristoteles (2006) og det mekaniske synspunktet som omhandlar at det blir forstått som eit middel, men ikkje tenkt over kva meire det inneber å skape ein god kommunikasjon (s. 26). Ved fyrste spørsmål rundt kommunikasjon hadde alle lærarane denne oppfatninga. Grunnen kan være at det ikkje er gjennomtenkt kva som faktisk ligg i begrepet kommunikasjon, men at ein gjennom erfaring har kunnskap om at det er eit middel som dei nyttar i undervisning. Lærarane fremma også at det var svært viktig å leggje tilrette for gode læringssituasjonar gjennom god kommunikasjon. For at dette skal finne stad er det da viktig å ta hensyn til det sosiale og rette fokus mot elevens innsats og motivasjon. I forhold til det mekaniske synspunktet til Aristoteles (2006) såg eg gjennom funna at lærarane også la vekt på det sosiale, samt at den kunnskapen som læraren presentert, blir tolka av elevane og gjennom dette blir det skapt ny kunnskap (s. 29). Her gjennom funn eg gjorde rundt det at lærarane også tok hensyn til kjønn, bakgrunn og erfaring til eleven, då kommunikasjon gjekk føre seg. Kommunikasjon blir som lærarane påpeika påverka og prega iforhald til ulike situasjonar det skjer i. Dette med tanke på kommunikasjon ovanfor jenter. Her spealar også lærar-elev relasjon ei sentral og viktig rolle. Dette kan ein sjå saman med den tidlegare forskinga som er gjort av Frigstad (2020) gjennom kommunikasjons innverknad på elevens innsats i kroppsøving. Samt at kommunikasjon frå læraren kan by på utfordringar med tanke på

forhaldet eleven har til lærarens kommunikasjon (s. 8). Gjennom resultatene ser eg at forståelsen læraren har av kommunikasjon har stor betydning for korleis det vart utført i undervisning og korleis det er med å påverkar eleven. I denne studien spesielt jentene. Når ein ser på funnet som omhandlar at lærarane har mange elevar og forhelde seg til i ei undervisningsøkta, kan ein sjå det iljos av Aristoteles (2006) systematiske og makt synspunkt (s. 28-29). Gjennom desse synspunkta ser ein at spesielt det systematiske kjem fram gjennom resultatet der det for lærarane er viktig å treffe alle elevane når det er så mange i kvar klasse. Her med bakgrunn i at det for lærarane er viktig å skape god kommunikasjon til heile klassen på lik linje som til enkeltindivid. Funnet med tanke på oppstarten av økta viser til at også synspunktet om makt er fremtredande i ein viss grad, men at lærarane ynskjer å ha elevane med i ein felles kommunikasjon. Rundt grunnar som ligg bak dette med lærarens forståing av kommunikasjon omhandlar det både kunnskapen og erfaringane læraren sitt med rundt det å forstå kommunikasjon. I tillegg til at også rolla som ein kroppsøvingslærer har, påverkar utførelsen av kommunikasjon i stor grad.

Dette dreg det vidare til korleis lærarens forståelse påverkar den kommunikasjon læraren gjennomfører til elevane. Forståelsen læraren sitt med er den dei nyttar når dei gjennomfører kommunikasjon til elevane og korleis denne budskapet blir motteke. Gjennom resultatene ser ein at lærarane har til dels ulike måtar å kommunisere på ovanfor jentene, og dette er i hovudsak med bakgrunn i forståelsen dei sitt med. Det som er gjennomgåande i funna omhandlar trygghet i kommunikasjon. Her verkar det som at jentene er i ei trygg setting saman med læraren når det blir kommunisert til dei. Lærarens forståelse og utførelse kan ein trekkje opp imot Goffmans (2014) front- og backstage. Der ein kan sjå på forståelsen til læraren som backstage for det er ikkje noko som elevane tek del i eller ser. Mens korleis læraren utfører kommunikasjon ovanfor jentene er det dei ser og med det frontstage (s. 151). Når det kjem til tryggheta læraren har i forhold til å utføre kommunikasjon kjem i resultatdelen fram som sikkert. Det som er meire usikkert omhandlar lærarens evne til å gå inn til enkeltelevar. Det er i slike tilfelle som Goffman (2014) legg vekt på viktig å ha ryffigheit i undervisning og ein god balansegang mellom front- og backstage (s. 151). Dette for å skape trygghet gjennom kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving, men samtidig ha nok kunnskap og være trygg i lærarrolla. Som nemd så har også lærarrolla stor inverknad på kommunikasjon i kroppsøving.

Gjennom resultatdelen kjem det frem at lærarane ynksjer og jobber for å skape gode læringssituasjonar og eit trygt læringsmiljø gjennom kommunikasjon. Ser ein dette iljos av Goffman (2014) og punkta truverdigheit, trygg fasade og feiltolking (s. 28-29 & 55) kjem det frem at rolla læraren har eller opptrer med har stor betydning for kommunikasjon ovanfor jentene. Funna viser at lærarane er trygge i sin rolle og nyttar blandt anna kroppsspråket for å skape engasjement ovanfor elevane. Dette spel igjen inn på at læraren skapar god truverdigheit og ei trygg fasade opp imot sin rolle. Her gjennom at læraren presenterer mål for økta på ein tydleg måte, er til stade i undervising og ikkje har ein «fake-opptreden» som Goffman (2014) beskriv det (s. 24). Dette med feiltolking kom også gjennom resultatdelen frem at kunne by på utfordringa. Her ved at kroppsspråket læraren hadde kunne lettare bli feiltolka enn det verbale språket. Ifylgje Redelius et al (2015, s. 653) kan ein sjå at det for elevane var vanskeleg å forstå kva som skulle skje gjennom at målet ikkje vert presentert tydleg nok. I funna mine ser ein at alle lærarane presenterte dei tydleg og elevane stilte spørsmål om det var noko som var uklart. Lærarane i studien hadde ein god formulering og gjennomføring av både det verbale og det non-verbale og elevane oppfatta det læraren ynske å kommunisere og det vert da i fylgje Goffman (2014) ikkje svekka tillit eller respekt (s. 55). Desse funna kan ein sjå parallellar til i forskinga som Westlie og Moen(2020) har utarbeidd der det ikkje alltid er like lett å forklare vala som blir gjort i forhold til kommunikasjon i kroppsoving (s. 29). Eit funn som peiker mot dette er det med lærarens forståelse av kommunikasjon, der det kom frem at det ikkje alltid var like lett å grunngje det som ein kommuniserte og dei vala ein tok. Det lærarane også la frem av relevans var dette at dei jobba for å kommunisere på ein hensiktsmessig måte. Sjølv om det av og til kunne være utfordringar knytt til dette med å underbygge dei vala ein tek i undervisning.

## 8.2 Kommunikasjon i praksis

Med tanke på lærarens forståelse av kommunikasjon kan det være ulike måtar og forstå det på, gjennom ulike veremiddel. Som Aristoteles (2007) presiserte kan kommunikasjon forstås gjennom enten fornuft, moral eller følelsar (s. 40). Gjennom intervju med informantane ser ein at dei er oppteke av det å leggje tilrette for gode kommunikative handlingar. Samt er det viktig å leggje tilrette for alle elevar. Dei tre bevismidlane vil være påverkannde på kvarandre opp mot korleis læraren forstår kommunikasjon. For informantane såg ein gjennom observasjonane at det var svært viktig å leggje frem gode og fornuftige argument. Dette kom frem gjennom oppstarten av økta til alle informantane gjennom at dei samla elevane og

forklarte kva dei skulle gjere og kvifor dei skulle gjere det, samt kva det påverka. Allereie her fekk Hanne og Kirsti med seg elevane i samtale rundt målet for timen, mens også Thomas og Fredrik la vekt på å ha elevane med i oppstarten. Dette refererar til det å forstå kommunikasjon gjennom fornuft eller som det på fagspråket blir kalla, logos. Gjennom øktane såg ein at lærarane også la vekt på det å skape truveridgheit i det som vert kommunisert til elevane og spesielt jentene. Dette fører det vidare til lærarens underbyggjelse av kommunikasjon og forståelsen av det.

Gjennomgåande i observasjonane såg ein at lærarane jobba for å underbyggje det som vert kommunisert til elevane. Det var for dei viktig å leggje tilrette for at elevane skulle skjønne og forstå det som dei skulle utføre. Her ser ein at forståelsen gjennom fornuft og gjennom det å underbyggje det som vert sagt heng tett saman. Det viser også at lærarne har ein bred forståelse av kva kommunikasjon er, men som nemd tidlegare ikkje tenkjer over det, men handlar riktig. Lærarane gjennom studien var flinke til å underbyggje og forklare kvifor og korleis. Dette vert bland anna gjort gjennom økta til Fredrik der han var borte ved nokre elevar som stilte spørsmål om kvifor dei gjorde det, samt kva det var godt for. Her tok læraren opp igjen måla for økta og forklarte elevane kvifor dei jobba med det og kva det var med å påverka. Dette vert observert sjå fleire av informantane, men ein ting som eg la sterkt merke til var dette med kor viktig det var for lærarane å ha fokus på elevane og korleis dei mottok kommunikasjon.

Gjennom obserasjon av Hanne var ho stadig borte ved elevane og enten kommuniserte verbalt, eller gjennom kroppsspråket. Gjennom den verbale kommunikasjon merka eg som observatør at læraren la godt til rette for kvar enkelt elev i forhold til kva dei følte og korleis dei kjende det. Dette kom også frem gjennom økta til Thomas der det var stort fokus å ta følelsar og det personlege på alvor. Gjennom alle dei øktane som vert observert ser ein at lærarane forstår kommunikasjon gjennom alle dei tre bevismidlane. Her kan ein da stille seg spørsmålet om det er riktig eller om det kunne vore forstått på ein annan måte. Her spelar elevens trivsel og forståelse for faget inn. Om læraren har ein god forståing av kommunikasjon ovanfor kroppsoving vil også eleven få eit innblikk i det å forstå kommunikasjon på same måte. Som lærarane gjennom intervju fremma var det vitig å ta hensyn til alle og kunne leggje til rette for alle elevane. Har ikkje læraren ein bred nok forståing av kommunikasjon kan det føre til misstrivsel og at elevar ikkje trives i kroppsoving. Gjennom dette funnet ser eg likeheiter i forhold til forskinga som Moen et al

(2018) har gjennomført, der jenter ikke er så glad i kroppsøving som gutane (s. 32-33).

Grunnlaget for dette kan blandt anna være korleis læraren forstår kommunikasjon og rettar det i forhold til jenter og gutar. Det kan nok forekomme at lærarar forstår kommunikasjon kun gjennom logos og etos. Men det kan da påverke elevane og med tanke på jenter, der det har vore litt utfordringar rundt det å like faget, samt det å være komfortabel. Dette bekreftar viktigeita av å nytte alle bevismidlane for at det skal oppstå best mogleg kommunikasjon mellom læraren og eleven. Som igjen er noko som Aristoteles (2007) legg stor vekt på i form av at det skal oppstå ein god forståelse og relasjon mellom lærar og elev (s. 112).

### 8.3 Eit steg i rett retning

Når ein ser på kroppsøvingfaget og jenter, har dette vore eit tema som det har vore dialog og spørsmål rundt tidlegare. Det som er spennande å sjå er dette med den tidlegare forskinga som er gjort. Dette med tanke på at den har konkludert med at jenter i kroppsøving er mindre glad i faget og har dårlegare karakterar, samt at gutar tek meire oppmerksomheit enn det jentene gjer. Her er det spennande å sjå min forskning opp imot dette som har funnet det stikk motsette. Det skal seiast at forskinga vert gjennomført ved ein skule eg hadde kjenskap til og dette er ein godt etablert skule der dei har eit godt samarbeid. Men likevel kan ein stille seg spørsmål om det har skjedd ei endring. Som Oliver og Kirk (2015) presiserar, har det ikkje vore mykje forskning på dette feltet dei siste 20 åra (s. 3). Det kan jo da være at ei endring har skjedd når det nå vert sett ljøs på og forska rundt.

Gjennom alle observasjonane som vert gjort verka jentene i dei ulike kassane sikre i timane og var med å deltok på lik linje som dei andre. Dei hadde også god innsats og vilje til å seie ifrå om det var noko. Dette ser ein gjennom økta til Hanne, der ei jente oppsøkte læraren for å få hjelp med tanke på andre øvingar. Dette var fremfor alle andre elevane og det var ei sikker haldning som møtte læraren. Eg såg også det same gjennom økta som Thomas hadde, der det i all hovudsak vert dominert av jentene. Der var det dei som tok ordet, dei som ofte skreik høgast og hadde best innsats når dei fekk veileiing av læraren. I fylgje forskinga til Moen et al (2018) kan ein stille seg spørsmål om kva som har skjedd. Der det gjennom forskinga vert funne at gutter liker betre kroppsøving enn jenter (s. 32). I tillegg til forskinga som Lagestad (2017) gjennomførte, der jenter hadde betre karakter enn gutane (s. 18). Funna mine viser til det motsette av dette. Karaktermessig har ikkje eg grunnlag for å seie at det er annleis. Men med tanke på jenters haldning og lærarens kommunikasjon ovanfor jenter viser det til at dei

også jevnt over har like god innsats som gutane. Det kan også være andre ulike grunnar til dette funnet. Gjennom resultata kom det frem at det var viktig for lærarne å tilretteleggje undervisning og kommunikasjon for kvar enkelt elev. Dette er itråd med Engebretsen et al (2020) i forhold til at jenter i den studien likte betre og betre faget då det vert fokus på medbestemmelse og kroppsbevisstheit (s. 372).

Opp imot andre årsakar som kan ligge bak mine funn er læraren og dens både handlingar, kommunikasjon, men like viktig rolla som kroppsøvingslærer har. Rolle er eit vidt begrep og ein kan i fylgje Goffman (1986) som lærar, ha ulike rollar i forhold til kva setting ein befinn seg i (s. 8). Gjennom mine observasjonar blir det observert gjennomgåande trygghet i rollane til lærarane. Det er sikkerheit i form av kommunikasjon, dei er trygge og jentene føler motivasjon gjennom lærarens komfortable rolle. Som kroppsøvingslærer har ein kvar time ein opptreden fremfor elevane, dette som Goffman (2014) definerar som ei teaterførestelling (s. 9-10). Læraren har eit ansvar ovanfor elevane å skape ei truverdig og overbevisande rolle. For at eleven vidare skal kunne akseptere og tru på det som blir presenter. Som nemd har lærarane i observasjon ei trygg og sikker rolle i forhold til elevane sine. Dette ser ein gjennom at dei underbyggjer det som blir sagt, går utanfor det som eigentleg er planlagt om det er elevane som treng bistand, hjelp eller tilrettelegging. I tillegg til at lærarane tek med seg elevane inn i samtalen rundt det som skal skje og har ein dialog både gjennom verbalt og kroppsspråk gjennomgåande i timane. Lærarane har her ikkje ført elevane bak ljuset i form av å spele ei rolle som eigentle ikkje høyrer til verkelegheita. Som Goffman (2014) presisera, kan ein spele rollar og med det føre elevane bak ljuset for at læraren ikkje er sikker og trygg i sin rolle (s. 23). Dette kan ein sjå i intervjuet som vert gjort av informantane, der dei presiserte at då dei var nyutdanna var dei meire usikre og spelte nok meire ei rolle som ikkje var heilt truverdig. Dette ved at alt var nytt og ein ynskje å fremstå som sikker ovanfor elevane sine. Alle informantane har ei lengre erfaring som kroppsøvingslærer som igjen kan hengje saman med at dei er trygge i sin rolle og utøver trygghet ovanfor alle elevane, men her spesielt jentene.

Eit anna punkt ein kan trekkje frem i forhold til dette med lærarens rolle, er dette med å skape ei trygg fasade for elevane. I tillegg til at det som blir sagt er gjennomtenkt og at det på best mogleg vis er lagt til rette for minst mogleg feiltolking av elevane. I tråd med Goffman (2014) og hans perspektiv på feiltolking i form av spesielt kroppsspråk (s. 49) ser ein gjennom mine funn at også lærarane legg vekt på at spesielt kroppsspråket er den meire omfattande delen og at det lettare kan missforstås. Ellers gjennom reultata kjem det fram at elevane er trygge

gjennom både den verbale kommunikasjon, men også kroppsspråket til læreren. Funn som underbygger dette med trygghet er lærerens nytte av humor i undervisning.

Humor er noko som alle informantane meiner bruken av er med å skapar ei trygg og god fasade for elevane i tillegg til at dei er med på humoren. Hanne presiserer at det er viktig å kjenne til gruppa før ein nyttar dette verkemiddelet inn i undervisning. Attende til dette med at jenter ikkje viste tendens til usikkerheit kan også dette være med å påverke utfallet. At læreren har ein munter og glad tone og kan nytte humor vil for mange verke lettande gjennom eit fag som kan være krevjande. Ein såg også at jentene som deltok i undervisning var med då læreren nytta humor og hadde eit smil om munnen då det vert gjennomført. I tillegg såg ein også at fleire av jentene var med og svara læreren då eit humoristisk augeblikk kom fram.

Det er som nemd viktig å ha ei trygg og god rolle som lærar. Men like viktig for at elevane skal kunne føle seg trygge og ha innsats i undervisning, er dette med å ta dei med inn i kommunikasjon. Samt at det ikkje berre er læreren som har sin rolle, men at ein saman med heile klassa skapar ein god presentasjon av undervisning og at alle deltek og har sine innspel. Dette kan være utfordrande med tanke på lærerens eiga rolle og om den kjem i strid med resten av klassa. Som Goffman (2014) legg vekt på er det viktig å skape ei trygg rolle for at det for alle skal verke trygt og lærande i ei klasse (s. 23). Påverkinga dette kan gje jenter i kroppsoving kan være positive i form av at det blir inkluderande og også at elevane får medvirke i undervisning med forslag og innspel. På den andre sida kan det også være negativt i forhold til om læreren ikkje tenkjer over klassa som heilheit, men kun si eiga rolle. Mine funn viser at lærarane har ei god tone og inkludering i sin undervisning og dette er nok også ein påverkande årsak til at jentene gjennom øktene hadde ein positiv haldning til faget. Gjennom resultatdelen var lærarne svært oppteke av å skape både inkludering og innsats for elevane i faget. Både gjennom å trekkje dei med i kommunikasjon, samt ta seg tid til å prate med elevar som har behov, og like viktig det å være engsjert i det som skjer i undervisning. Det er som fleire av informantane la vekt på, eit fag som skal være med å danne elevane til å forstå at fysisk aktivitet er bra for kropp og helse.

Gjennom mine funn som viser det motsette av forskinga til både Moen et al (2018) stiller eg meg spørsmålet om kva som har vore i endring. Funna mine viser til at jenter er like glad i kroppsoving som gutane ved den skulen eg har forska. Dette kan være forskjell ved andre skular i forhold til dette med situasjon, aktivitet og lærarar. Med tanke på forskinga til



Lagestad (2017) der gutar hadde betre karakter enn jenter kan eg ikkje med sikkerheit si at det har endra seg. Men med bakgrunn i mine funn og jenters aktivitet og innsats er det mange jenter som ville gått ut med same karakter som gutane. Dette er ikkje som nemd, noko eg seier med sikkerheit, men ut ifrå mine funn og mine analyser.

Det at funna som eg har gjort synes eg verkar positivt i forhold til lærarens kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving og jenters forhold til kroppsøving. Det verkar som at dette er noko som har vore med å påverka kroppsøvinga heilt fram til idag. Med nye læreplanar, ny kunnskap til lærarar både rundt tilretteleggjing, undervining og kommunikasjon, har nok det vore med å påverka det i positiv retning. Jenter i min forskning er altså ikkje dårlegare enn gutane og viser heller ikkje teikn til attendetrekking med bakgrunn i at lærarane skaper eit godt miljø og ei god platform for god innsats i kroppsøving.

Her kan ein sjå på fleire faktorar som er med å spele inn. I forhold til at dette var ein studie der observasjon vert nytta, kan det være at lærarane vert påverka av at eg som forskar var der og skulle forske på akkurat dette tema. I tillegg kunne også for den del elevane bli påverka av det og spesielt jentene når det var lærarens kommunikasjon ovanfor dei eg forska på. Min forskerrolle kunne vore enda meire diffus i forhold til å ikkje sagt så mykje om kva som skulle forskast på, men samtidig er dette eit prosjekt som var gjennom ein rekkje godkjenningar og informantane hadde krav på å vite kva dei skulle delta i. Her kan ein også være sjølvkritisk til kor mykje som vert sagt mellom meg som forskar og informant rundt både observasjon og intervju. Som både mine funn viser og som lærarne er klare på gjennom intervjuet, kan det være at kroppsøvingfaget har teke eit steg i rett retning når det gjeld lærarens kommunikasjon ovanfor jenter i faget. Samt jenters opplevelse og utøvelse i kroppsøving. Både iforhold til informantane og min eigen forskning er det ut ifrå dette definert «eit steg i rett retning».

## 9 Konklusjon og den vidare forskinga

Målet og hensikta med denne studien var å undersøkje korleis kroppsøvingslærarar kommuniserte med jenter i den vidaregåande skulen. I studien kom det frem at kroppsøvingslæraren kommuniserer med jenter like mykje som dei kommuniserer med gutane. Gjennom dette er det eit godt grunnlag for å kunne seie at kroppsøvingslærarar kommunisera med jenter i vidaregåande skule på lik linje med andre elevar. I tillegg til at det også blir nytta ulike metodar i form av det verbale språket og kroppsspråket. For dei kvinnelege lærarane var det lettare å sjå og ta ein prat med dei elevane som hadde det litt vanskeleg og som ofte kunne være jenter. Dei mannlege jobba også for å sjå desse, men det var her meire kommunikasjon generelt.

Kommunikasjon verkar å ha endra seg i frå den forskinga som er gjort tidlegare og frem til i dag. Ettersom den tidlegare forskning viser at gutter får meire oppmerksomheit og trivest betre i kroppsøving (Moen et al, 2018, s. 32-33) kan ein stille spørsmål opp imot mine funn. Dette med tanke på at dei viser at jenter får like mykje oppmerksomheit og kommunikasjon med læraren som gutane. Gjennom dette kan det sjå ut som at tema og feltet har vore og er i endring. Lærarane som deltok i studien er også beviste på kva dei må jobbe meire med innanfor dette med kommunikasjon og kva som skal til for å utvikle kompetanse. Det viser seg at det er det verbale språket som i all hovudsak blir nytta. Kroppsøvingslærarane i min studie er også flinke til å bruke kroppsspråket. Dette for å bekrefte det som vert presentert av budskap til elevane. Læraranes handlingar gjennom observasjon blir spegla gjennom intervju med tanke på at det som vert sett og oppfatta også vert trekt frem igjen og stilt spørsmål rundt, i intervjuet. Også dette med læraranes ubevisstheit i forhold til bruk av kroppsspråk vert også meire tenkt gjennom i intervjuet der dei fekk innspel til korleis dei jobba i undervisning.

Lærarane hadde altså god kommunikasjon ovanfor jenter i kroppsøving både gjennom verbal og non-verbal kommunikasjon. Ser ein attende på læreplan som skal være for alle elevar (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 3) kan ein sjå dette endringsfunnet som eit positivt funn. Dette gjennom at kroppsøving er eit fag der læraren skal tilpasse undervisning til alle elevar uansett kjønn, bakgrunn og kultur. Mine funn indikerer altså at det er ei endring når det kjem til lærarens kommunikasjon i kroppsøving. Dette kan være med å føre til at ein kjem enda meire inn på dette med at alle elevane skal med og det skal tilpassast for alle. Ser ein på jenter

gjennom den tidlegare forskinga og fram til i dag er det ikkje mykje som har skjedd på forskingsfronten. Når da mine funn indikerer at det har skjedd ei endring kan ein stille spørsmålet kva det vidare kjem til å påverke og om forskinga viser til at jenter blir meire framtreddande i faget.

I gjennom denne forskingsprosessen kan kunnskapen som er utarbeidd ha implikasjonar for andre enn berre meg som forskar. Med tanke på kroppsøvingslærer i dette tilfelle kan dei kunne nytte denne studien for å endre og skape ny kunnskap rundt dette med kommunikasjon ovanfor jenter i faget. Ved å spesifikt kunne få kunnskap om både verbal kommunikasjon, men også kroppsspråket og korleis dette kan ha påverknad på elevane. I tillegg til det å kunne sjå sin eigen praksis i ljøs av tidlegare forskning og teoriar. Det at andre utanforståande lærarar kan sjå sin eigen praksis opp imot både forståinga av kommunikasjon. Samt kor mykje lærarrolla har å seie for kommunikasjon i kroppsøving, vil kunne skape ny lærdom som dei kan nytte i praksis. I tillegg til å kunne forstå kva endringar ein kan ta i bruk for å skape enda betre kommunikasjon ovanfor jenter. Her ved å forstå kommunikasjon og vidareformidle dette til sine elevar og nytte det på ein hensiktsmessig måte. Mine funn kan også bidra til å skape større forståing i forhold til politikken rundt dette med kommunikasjon i kroppsøving. Dette i tillegg til å kunne sjå endringar som har skjedd og leggje meire føringar for lærarane gjennom grep som kan nyttast for å betre kommunikasjon mellom lærar og jenter.

Vidare innanfor dette forskingsfeltet er det behov for meire forskning i forhold til korleis kroppsøvingslærer kommuniserer og her både ovanfor jenter, men like viktig ovanfor gutter. Det skal seiast at forskinga på kroppsøvingslærarar i den vidaregåande skulen bør forskast meire på i forhold til at det i denne studien er forska kunn ved ein vidaregåande skule. Sjølv om det var slik ved denne skulen, er det ikkje sikkert det er slik ved skular i same fylke, eller i andre delar av landet. Eit anna fokus som bør bli meire forska på er dette med korleis jentene opplev kommunikasjon i frå læraren. Der ein kan stille seg spørsmålet om jenter har den same oppfatninga som læraren rundt tema jenter og kroppsøving. Dette for å kunne skape eit enda større bilete og ikkje berre ifrå lærarens side. I tillegg til at elevane generelt, både jenter og gutter, burde vore forska meire på med bakgrunn i at samfunnet stadig er i endring, korleis opplev elevane endringa innanfor kroppsøving. Både i forhold til den psykiske helsa og det generelle fokuset på kropp og korleis lærarens kommunikasjon er med å påverke dette.

Med tanke på samfunnet vi lev i og dei endringane i forhold til nye læreplanar der innsats vert meire vektlagt, blir det spennande å sjå korleis kroppsøvingfaget utviklar seg. Samtidig som det er spennande og sjå vidare korleis lærarens kommunikasjon påverkar undervisning. Denne studien legg vekt på blant anna dette med munnlege ferdigheitar i kroppsøving, der eleven skal kunn lytte og kommunisere i bevegelses aktivitetar. Samt det å kunne både forklare og uttrykkje sine erfaringar og refleksjonar. I tillegg skal kroppsøving gje elevane moglegheit til å reflektere og dei skal kunne handtere utfordringar og løyse oppgåver i eit læringsfellesskap (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 2-3). Innanfor dette forskingsfeltet og lærarens kommunikasjon vil det også være behov for å sjå dette aspektet opp imot andre design og forskingsmetodar enn det som eg har nytta gjennom min forskning. For å vidare kunne få andre funn, eller om mine funn kan være funn også andre stadar og gjennom andre forskingsprosessar.

## 10 Referanseliste

- Aasland, E. & Engelsrud, G. (2017). «Det er lett å se hvem av dere som har god innsats». Om elevers innsats og lærerens blikk i kroppsøving. *Journal for Research in Arts and Sport Education, Vol. 1*, 5-17. <https://jased.net/index.php/jased/article/view/889/2009>
- Angell, S. I. (2021). Frå fellesskap til kompetanse: Integrasjon i læreplanverket 1974-2020. M.v.d, Lippe. (Red.), *Fordommer i skolen: Gruppekonstruksjoner, utenforskap og inkludering* (s. 259-275). Oslo Universitetsforlag.
- Aristoteles. (2007). *On Rhretoric. A Theory og Civic Discourse*. (2.utg.). Overrett av Georg A. Kennedy. New York: Oxford University Press, Inc.
- Aristoteles. (2006). *Retorikk*. Vidarforlaget.
- Brattenborg, S. & Engebretsen, B. (2015). *Innføring i kroppsøvingsdidaktikk* (utg 3.). Cappelen Damm Akademiske.
- Braun, V. & Clarke, V. (2022). *Thematic Analysis: A Practical Guide*. Sage.
- Bryman, A. (2012). *Social research methods*. (4.utg). Oxford university press.
- Dallan, O. (2021). *Metode og oppgaveskriving*. (7.utg.). Gyldendal
- Den nasjonale forskningsetiske komitè for samfunnsvitenskap og humaniora. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora* (5 utg.). <https://www.forskningsetikk.no/ressurser/publikasjoner/retningslinjer-nesh/>
- Denzin, N. K. & Lincoln Y. S. (2005). *The Dicipline and Practice og Qualitative Research*. SAGE.
- Engebretsen, B., Walseth, K. & Iwebakk, L. (2020). Jenter og kroppsøving. Hvordan kan en aktivistisk tilnærming bedre jenters erfaring med kroppsøvingfaget? *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 104(4), 361-375). <https://www-idunn-no.ezproxy.inn.no/doi/epdf/10.18261/issn.1504-2987/2020-04-04>
- Fekjær, S. B. (2013). *Hvordan bli en lykkelig masterstudent. Masteroppgavehåndbok*. Gyldendal.

- Frigstad, T. (2020). Kommunikasjon og elevers innsats i kroppsøving. *Psykologi i kommunen*. 2020(6), 1-10. [https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/bitstream/handle/11250/2766508/Fagfelleverdert\\_%20Kommunikasjon%20og%20elevers%20innsats%20i%20kroppsøving%20\\_%20Psykologi%20i%20kommunen%20nr.%206%202020.pdf?sequence=5&isAllowed=y](https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/bitstream/handle/11250/2766508/Fagfelleverdert_%20Kommunikasjon%20og%20elevers%20innsats%20i%20kroppsøving%20_%20Psykologi%20i%20kommunen%20nr.%206%202020.pdf?sequence=5&isAllowed=y)
- Goffman, E. (1986). *Frame Analysis. An Essay on the Organization og Experience*. Boston: Northeastern University Press: Boston.
- Goffmann, E. (2014). *Vårt rollespill til daglig*. Pax forlag.
- Hansen, R. (2006). *Kommunikasjonssvikt i skolen*. Aftenposten.
- Imsen, G. (2009). *Lærerens verden. Innføring i generell didaktikk*. (5.utg.). Universitetsforlaget.
- Kjeldsen, J. (2014). *hva er RETORIKK*. Universitetsforlaget.
- Klette, K. (2003). *Evaluering av Reform 97- Klasserommets praksisformer etter Reform 97*. Pedagogisk forskningsinstitutt. [https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/32308/Reform97\\_Rapp\\_1\\_03\\_web.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/32308/Reform97_Rapp_1_03_web.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Kunnskapsdepartementet. (2019). *Læreplan i kroppsøving (KRO01-05)*. Fastsett som forskrift. Læreplanverket for kunnskapsløftet 2020. <https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-1k20/KRO01-05.pdf?lang=nob>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2021). *Det kvalitative forskningsintervju* (3.utg.). Gyldendal.
- Lagestad, P. (2017). Er gutter bedre enn jenter i kroppsøving? -En studie av jenter og gutters kroppsøvingsskarakterer i den videregående skolen. *Acta Didactica Norge*, 11(1), 5-21. <https://journals.uio.no/adno/article/view/2609/3993>
- Manger, T., Lillejord, S., Nordahl, T., & Helland, T. (2015). *Livet i skolen I– grunnbok i pedagogikk og elekkunnskap: Undervisning og læring* (2.utg.). Fagbokforlaget.
- Meld. St. 21 (2020-2021). *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Det kongelige kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/581b5c91e6cf418aa9dcc84010180697/no/pdfs/stm2020210021000dddpdfs.pdf>

- Moen, K. M., Westlie, K., Bjørke, L. & Brattli, L. B. (2018). *Når ambisjon møter tradisjon. En nasjonal kartleggingsstudie av kroppsøvfingsfaget i grunnskolen (5-10. trinn)*. (Oppdragsrapport 1-2018). Høgskolen i Innlandet. [https://brage.inn.no/inn-xmloi/bitstream/handle/11250/2482450/oppdrapp01\\_18\\_online.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://brage.inn.no/inn-xmloi/bitstream/handle/11250/2482450/oppdrapp01_18_online.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Ohnstad, O. F. (2021). *Profesjonsetikk i skolen. Lærerens etiske ansvar* (3. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Oliver, K. L. & Kirk, D. (2015). *Girls, Gender and physical education. An Activist Approach*. London: Routledge.
- Redelius, K., Quennerstedt, M. & Öhman, M. (2015). Communicating aims and learning goals in physical education: part of a subject for learning? *Sport, Education and Society*. 20(5). 641-655. <https://www.tandfonline.com/doi/epdf/10.1080/13573322.2014.987745?needAccess=true&role=button>
- Thagaard, T. (2018). *Systemstikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder* (5 utg.). Fagbokforlaget.
- Vestly, S. V. (2021). *Kommunikasjon og forhandlingsforståelse*. Cappelen damm akademiske.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. voksnes ansvar. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/trivselsveileder/6-Arbeid-med-kommunikasjon-og-sprak/>
- Utdanningsdirektoratet. (2017). *Overordna del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/formalet-med-opplaringen/?lang=nob>
- Utdanningsforbundet. (2018). *Lærerprofesjonens etiske plattform på 1, 2, 3* [Brosjyre]. <https://www.utdanningsforbundet.no/larerhverdagen/materiell-og-brosjyrer/brosjyrer/larerprofesjonens-etiske-plattform-pa-1-2-3/>
- Westlie, K. (2022, 25. juli). *Kroppsøving – et fag for utvikling av demokrati og medborgerskap*. Utdanningsnytt. <https://www.utdanningsnytt.no/bedre-skole-demokrati-fagartikkel/kroppsoving-et-fag-for-utvikling-av-demokrati-og-medborgerskap/325615>

Westlie, K., & Moen, K. (2020). Kroppsøvlingslæreren som en inkluderende pedagog i skjæringspunktet mellom individ og samfunn. *Journal for Research in Arts and Sports Education*, 4(1),19-33. <https://jased.net/index.php/jased/article/view/1530/4063>



## 11 Vedlegg

### 11.1 Vedlegg 1 – informasjonsskriv til rektor

Hei!

Mitt namn er Ragnhild Steineide og er nå masterstudent innanfor faglærer i kroppsøving og idrett ved Høgskolen i Innlandet, avdeling Elverum. Nå som eg er inne i det siste året som student er det masteroppgåva mi som er hovudfokus. Gjennom min masteroppgåve har eg vald å setje fokuset på kroppsøvingslærarar og deira kommunikasjon i kroppsøvingsundervisning.

Eg ynskjer da å stille deg spørsmålet om det er moglegheit å kunne nytta Ringsaker Vidaregåande Skule for min datainnsamling. Dette inneber altså å nytte kroppsøvingslærar sjå dykk til å skaffe informasjon til min forskning gjennom observasjon og/eller intervju. Grunnen til at eg har vald å sende forespørselen til dykk er med bakgrunn i at eg var i praksis sjå dykk då eg gjekk bachelor i faglærarar – kroppsøving og idrett. Gjennom den praksisen fekk eg gode inntrykk både av kompetansen innanfor kroppsøvingsfaget i tillegg til at kroppsøvingslærarane sjå dykk hadde ein god måte å formidle kompetanse og læring på.

Under i denne mailen legg eg ved samtykkeerklæringa som blir sendt til lærarane som skal være med i forskingsprosjektet. Gjennom erklæringa kjem det fram både kva det inneber å delta, korleis vi lagrar informasjon og korleis vi handtera personvern.

Ynskjer du meire informasjon om meg eller mitt prosjekt kan du ta kontakt med min veileiar Eivind Åsrum Skille på e-post: [eivind.skille@inn.no](mailto:eivind.skille@inn.no).

Håper å høyre ifrå deg.

Med vennleg helsing

Ragnhild Steineide

## 11.2 Vedlegg 2 – Samtykkeerklæring

### Vil du delta i forskingsprosjektet

#### *Lærarens kommunikasjon i kroppsøving*

Dette er ein invitasjon til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å undersøkje kroppsøvingslærarars kommunikasjon i kroppsøving og kva begrunningar som ligg til grunn for dette. Gjennom dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebere for deg.

#### **Formål**

Formålet med denne masteroppgåva er å undersøkje korleis kommunikasjonen til lærarar påverkar elevar innanfor kroppsøving og kva begrunningar som ligg bak.

#### **Problemstillinga til forskingsspørsmålet er:**

- *Korleis kommunisera læraren ovanfor jenter i vidaregåande skule i faget kroppsøving, og kva ligg til grunn for dette?*

Opplysningane som blir nytta i masteroppgåva skal ikkje brukast til andre formål.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Det er Høgskolen i Innlandet, saman med masterstudent Ragnhild Steineide som er ansvarleg for prosjektet.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du blir spurt om å kunne delta i dette forskingsprosjektet fordi du er innanfor kategorien kroppsøvingslærarar som skal undersøkjast. Det er til saman fire personar som mottok dette skrivet.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du samtykker til å delta vil det inneber at du deltek på ein ikkje-deltakande observasjon og/eller eit semistrukturert intervju som tek omlag 30 minuttar.

Både notata frå observasjon og lydopptaket ifrå intervjuet vil bli lagra på ein sikker forskningsserver.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket attende utan å forklare nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil da bli sletta. Det vil

heller ikkje ha nokon negativ konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar**

Opplysningane om deg vil kunn bli nytta til formålet som er fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Det er studenten og rettleiaren som vil ha tilgang ved behandlingsansvarlege institusjonen.

Datamaterialet vil bli sikkert lagra på ein forskingsserver.

Deltakarane vil ikkje kunne gjenkjennast i masteroppgåva.

### **Kva skjer med personopplysningene dine når forskingsprosjektet avsluttas.**

Masterprosjektet vil etter plan avsluttast når oppgåva er blitt godkjend, ca 27.06.2023. Etter prosjektslutt vil datamaterialet med dine personopplysningar bli sletta.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag ifrå Høgskolen i Innlandet har Personverntenestar vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettigheter**

Så lengje du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- Innsyn i kva opplysningar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane
- Å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande
- Å få sletta personopplysningar om deg
- Å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar

Om du har spørsmål til studien, eller ynskjer å vite meire om eller benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Ragnhild Steineide på e-post ([ragnhildrindholen2107@hotmail.com](mailto:ragnhildrindholen2107@hotmail.com)) eller telefon 970 08 785 og Eivind Åsrum Skille på e-post ([eivind.skille@inn.no](mailto:eivind.skille@inn.no)) eller på telefon 416 13 946) veileiar ved Høgskolen i Innlandet
- Vårt personvernombud: Usman Asghar på e-post ([usman.asghar@inn.no](mailto:usman.asghar@inn.no)) eller telefon: 612 87 483

Om du har spørsmål knytt til Personverntenesta sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:



- Personverntenesta på e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller på telefon: 532 11 500

Med vennleg helsing

Ragnhild Steineide

(Forskar)

---

### Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Lærarars kommunikasjon i kroppsøving*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta på observasjon og intervju
- å delta på observasjon
- å delta på intervju

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)



#### 11.4 Vedlegg 4 - Intervjuguide

Startar med i informere om kva prosjektet går ut på og kvifor eg har vald å nytte intervju i tillegg til observasjon.

Informerar om at informantetn når so helst under intervjuet kan avslutte, eller ta pause om det skulle være ynskjeleg. I tillegg blir informanten informert om at det blir teke opp og kvar det blir sendt over etter at vi er ferdige med intervjuet.

Spørsmål før vi startar.

|  |   |
|--|---|
| <p>Innleiing. Her informanten presentere seg og litt om dens bakgrunn for å bli kjent. I tillegg er det viktig i denne fasen å vise interesse for det som blir sagt slik at informanten føler seg trygg. Som igjen kan være med å føre til ein større diskusjon vidare i intervjuet.</p> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kan du seie litt om deg sjølv</li> <li>- Kva utdanning har du</li> <li>- Jobb erfaring</li> <li>- Kvifor valde du å bli lærar? Og spesielt kroppsøvlingslærar?</li> <li>- Kva tenkjer du om rolla til ein kroppsøvlingslærar?</li> <li>- Korleis skal denne være?</li> </ul>   |
| <p>I denne delen er hovudspørsmåla som er relevante for at eg skal kunne få informasjon til å besvare mitt problemområdet. Gjennom denne fasen vil eg opp imot observasjon få meire begrunningar og innblikk i lærarens syn på temaet.</p>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva legg du i begrepet kommunikasjon?</li> <li>- Innanfor kroppsøving?</li> <li>- Kvifor er kommunikasjon viktig for kroppsøving?</li> <li>- Kva påverkar det?(samarbeid, relasjon)</li> <li>- Kva erfaringar har du rundt kommunikasjon i kroppsøving?</li> <li>- Måtar å kommunisere på?</li> <li>- Lettare med jenter/gutter?</li> <li>- Kvifor er det slik eventuelt ikkje?</li> <li>- Er det måtar å kommunisere på som er lettare å nå inn med sjå det eine kjønn? (Kva trur du er grunnen til dette)</li> <li>- Kva tenkjer du at kommunikasjon påverke i kroppsøving?</li> <li>- Læringsmiljø</li> <li>- Sosialt, psykisk</li> </ul> |



|   |   |
|---|---|
|   | <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis ser du på din utvikling innanfor kommunikasjon, er det noko du spesielt har lært eller erfart?</li></ul>              |
| Avslutningsvis er det lagt opp til spørsmål som er retta framover med tanke på kva som er målet og ynskje til informanten med tanke på tema kommunikasjon. I tillegg legge tiltrette for at informanten kan kome med eventuelle spørsmål eller informasjon. | <ul style="list-style-type: none"><li>- Korleis vil du fortsetje å fokusere på kommunikasjon i kroppsøving?</li><li>- Er det noko du vil tilføre, spørsmål?</li></ul> |
| Tusen takk for at eg har fått din tillit og at eg fekk intervjuje deg innanfor dette temaet. Det er til stor nytte for meg og min vidare skiving.   |   |



## 11.5 Vedlegg 5 – Godkjenning ifrå NSD

### Vurdering av behandling av personopplysninger

| Referansenummer | Vurderingstype | Dato       |
|-----------------|----------------|------------|
| 401933          | Standard       | 09.02.2023 |

#### Prosjekttittel

Master i kroppsøving og idrett

#### Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskolen i Innlandet / Fakultet for lærerutdanning og pedagogikk / Institutt for matematikk, naturfag og kroppsøving

#### Prosjektansvarlig

Eivind Åsrum Skille

#### Student

Ragnhild Steineide

#### Prosjektperiode

20.08.2022 - 27.06.2023

#### Kategorier personopplysninger

- Alminnelige

#### Lovlig grunnlag

- Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 27.06.2023.

[Meldeskjema](#)



## Kommentar

### OM VURDERINGEN

- Sikt har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.
- Forskningsdeltagerne har yrkesmessig taushetsplikt. De kan ikke dele taushetsbelagte opplysninger med forskningsprosjektet. Vi anbefaler at du minner dem på taushetsplikten. Merk at det ikke er nok å utelate navn ved omtale av elever e.l. Vær forsiktig med bruk av eksempler og bakgrunnsopplysninger som tid, sted, kjønn og alder.
- Vi minner om at ved observasjonen kan det ikke tas notater som kan identifisere andre enn de som har takket ja til å delta i prosjektet.

### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

- Vi har vurdert at du har lovlig grunnlag til å behandle personopplysningene, men husk at det er institusjonen du er ansatt/student ved som avgjør hvilke databehandlere du kan bruke og hvordan du må lagre og sikre data i ditt prosjekt. Husk å bruke leverandører som din institusjon har avtale med (f.eks. ved skylagring, nettpørreskjema, videosamtale el. )
- Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1 f) og sikkerhet (art. 32).

### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

- Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Se våre nettsider om hvilke endringer du må melde: <https://sikt.no/melde-endringer-i-meldeskjema>

### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

- Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!